

# Gamalt frå Kviteid

Nr. 10  
Årsskrift 1995



UTGJEVE AV KVITSEID HISTORIELAG

Kviteid 1995

# Gamalt frå Kviteseid

Nr. 10  
Årsskrift 1995

---

UTGJEVE AV KVITSEID HISTORIELAG

Kviteseid 1995

Utgjevar: Kviteseid historielag, 3850 Kviteseid  
Teikning på omslag: John Skarprud  
Boka er satt i : Times 10/11,5  
Sats: Vest-Telemark Blad, 3850 Kviteseid  
Trykk: Falch hurtigtrykk

## INNHALD

|                                       |                     |      |
|---------------------------------------|---------------------|------|
| Føreord                               | side                | 4    |
| Barndomsminne .....                   | Kristiane Rønningen | " 5  |
| Kviteseid Elektrisitetsverk .....     | Håkon Ruud          | " 10 |
| Ein bygdeorginal .....                | Torleiv Lid         | " 14 |
| Den gamle apalen .....                | Trygve Naper        | " 17 |
| Torkel Oftelie .....                  | John Skarprud       | " 18 |
| Kvit Aslak .....                      | Torkel Oftelie      | " 20 |
| Daglegliv under krigen .....          | Randi Nordskog      | " 24 |
| Spanande episode under krigen .....   | Hallvard Dalen      | " 27 |
| Tobakknaud .....                      | Tallev Moen         | " 29 |
| Straumsnes - gard og skule .....      | Tor O Sanden        | " 30 |
| Oskoreia .....                        | John Skarprud       | " 42 |
| Under Sundalsfjellet .....            | Trygve Naper        | " 43 |
| Fossøy, attlagd plass i Vrådal .....  | Tor O Sanden        | " 44 |
| På jakt for 100 år sidan .....        | Karl Kviteseid      | " 49 |
| Godt sagt .....                       | Tor O Sanden        | " 52 |
| Kviteseid Historielag 10 år .....     | Olav Ibrekke        | " 54 |
| Register "Gamalt frå Kviteseid" ..... | 1985-1995           | " 59 |

## Føreord

Med dette gjev Kviteseid Historielag ut si tiande utgåve av "Gamalt frå Kviteseid". Heftet inneheld seksten artiklar og dikt skrivne av lokale forfattarar. Me får servert folkeminne frå før og etter forrige hundreårsskifte, me kan lesa om særmerkte personar og om utviklingstrekk og viktige hendingar i samfunnsutviklinga i kommunen vår. Tre av artiklane tek for seg kvardagslivet under siste verdskrig.

Historielaget har med sine ti utgjevingar trykt nærpå to hundre innslag av ulikt lokalhistorisk stoff. Songar og dikt, personomtalar, folkeliv og utvikling i lokalsamfunna og næringsvegane i kommunen. Omtaler av gardar og plassar, segn og soge. Me trur laget på denne måten har vore med og vekt interessa for og auka kunnskapen om vår eigen lokale historie. Bak i denne utgåva finn du eit systematisk oversyn over innhaldet i alle ti utgåvene av "Gamalt frå Kviteseid".

Me meiner årets utgåve er av "gamalt og godt merke", og vonar det fell i smak.

Me takkar bidragsytarane til denne utgåva og til dei ni føregåande!

Kviteseid, november 1995

Kviteseid Historielag  
Skriftstyret  
Gunnar Ruud

## Barndomsminne

Kristiane Rønningen

Korleis hadde eg det då eg var barn? No er me i 1995, eg kom til verden i 1903, då kan me vel segja at det var i gamle dagar. Eg har tenkt mange gonger på kor gildt me hadde det fordi me var så mange syskin. Kan aldri vita at eg kjeda meg noko tid.

Me vart 12 syskin. Dei fem fyrste var født på seks og eit halvt år, då finn eg ut at det var liten aldersforskjell millom kvar av oss, so me leika godt saman. Kan minnast at me var so små at me leika "løyne leite" på kjøkenet. Mor hadde eit sidt skjørt, og eit stort forklæ, der var greidt å gøyme seg bak, når ho heldt det framfor oss. Kjøkenbenken var ein vinkel på i kroi. Nedre romet var liti i bruk, so der var plass til å smuge inn å gøyme seg.

Seinare, etter kvart som me vart fleire, leika me at ein var bjørn som skulle ta oss andre. På sofaen var fristad, det var ikkje lov å ta oss der. Um det var skrik og skrål, so var det ingen som reagera. Ikkje ein gong far, som sat og las aviser ved det runde bordet som stod midt på golvet og var greidt å springe rundt for at bjørnen kunne ta oss. Jau, ein gong vart det litt for mykje av det gode! Då var det ein av gutongane som var tiger. Han krabba under bordet, og fekk plutseleg eit innfall, og beit far i leggen. Far kvakk til. "Hott er det for noko", sa han skarpt. Gutungen sette seg opp og såg på far so trusksuldig som bare det. "Eg er tiger", sa han. Då laut far smile, og leiken gjekk vidare. Me kunne løyne ute og. Rundt huset var greidt, der var både veranda og bislag som var greidt å gøyme seg bak. Til og med under kjellarlemen.

Det var ikkje alltid turvande å vere mange for å ha det gøy. Kjem i hug at eg tykte det var gildt å lage søylekaker. Gjekk og rusla for meg sjølv ned til eit grushol, og laga fine sukkerbrød, som eg pynta med blomar som eg fann. So var det gildt å plukke ville blomar. Til fleir slag eg fann, til gildare var det. Fann ei uvand bok som eg la ein og ein av blomane millom bladi. Fekk låne bokpressa til far, la boki i og skruva til. Dei turka blomane tok eg vare på lenge. Me hadde ikkje heile massune med leikur då, slik som dei har no. Me var ikkje vant med, so me sakna dei ikkje heller. Gutongane hadde trehest, gjentune hadde dokker.

Um dei vaksne godtok at me skreik og skråla av og til når me leika, so laut

me vere stille når det kom framande på besøk. Det var liksom sjølvstet. Var vant med det. Ungane skulle ikkje forstyrre dei vaksne når dei snakka saman.

Um sumaren heldt me oss ofte ned ved vatnet og bada og leika. Av og til låg me på magen på bryggjekanten og såg på fiskane som samde att og fram der, under bryggja og fram att. Me kasta eit kvart ned i vatnet, makk eller anna mat, jamvel blanke knappar. Det var moro å sjå at dei kom og nappa det. Det var stor, fin ørret.

Um vinteren rann me på kjelke. Der var laglege bakkar til det heime, og ikkje bilar i trafikken heller på den tid. (Far kaupte den fyrste bilen, ein Ford, hausten 1919.) Me hadde ein lang kjelke, som var plass til fleire på. So det gjekk i susande fart. Det var ikkje vanleg at jentene rann på ski, berre gutane. So høvde det at me stod på sporane til gutane, men det var helst på skulen det.

For å koma til skulen, laut me yver vatnet. Me laut ro med pråm. Fyrste året eg gjekk på skulen, budde læraren heime hjå oss. Det var ein fordel, då hadde me fylgje med han, so han rodde. Det var ikkje akkurat gildt å sende so små ungar på vatnet, det kunne blåse temmeleg av og til, så det skvalpa uppi pråmen. Det var ikkje veg på den sida av vatnet, og ikkje bru yver åi endå. Den tok dei til med i 1925. Når isen var sterk nok på vatnet, so gjekk me yver på den, sjølvstet. Men fyre den vart sterk nok um hausten, og um våren når den vart klein, då laut me "gå rundt". Det vil segja at me laut oppyver, til me kom til storvegjen. Der såg me fyrst etter um der låg ei barbuske ved vegskilet. Um den låg der, det tyda på at ungane frå Tyrkosi og Mylla var fyre oss. Då var det berre å haste på for å nå dei att, for me ville gjerne ha fylgje med dei resten av vegen. Låg det ikkje noko barbuske ved vegskilet, så laut me leggje ned ei, og gå sakte til dei tok oss att. Det var ca. tre kilometer å "gå rundt". Der var bru yver åi, so me kom inn i Skafså, som det heitte då. Heldt oss der eit stykkje til me kom inn att i Kviteseid kommune, so ned til Vråliosen.

Skulestoga låg i andre høgdi, i same hus som ei forretning. Styraren i forretninga budde i fyrste høgdi under skulestoga. Dei hadde det sikkert ikkje for stilt! "Kunne tru det var tusen elefantar!", sa læraren ein dag, då omkring 15-16 elevar trampa på lesko upp trappi, kanskje med hælringar av jern på og. Det var ikkje gummistøvlar i bruk i den tid enno.

Me gjekk på skule annankvar dag, storskule måndag, onsdag og fredag, små-

skule tysdag, torsdag og laurdag frå klokka ni til tre. Me hadde heimelekse i Landkunna, Noregssoga og Naturkunna kvar sin dag. Katekisma eller Forklaringi og bibelsoga laut me lære so me kunne dei helst på rams. Me sat tvo i kvar pult. Når læraren kom inn om morgonen, laut me reise oss upp. Likeeins om det kom inn einkvar elles. Um morgonen byrja me alltid med ei morgonsalme, som regel "Sjå soli sprett i austerrett", og om kvelden når me slutta song me helst "Når soli bak um blåe fjell", eller "Dagsens auga sloknar ut". Rekning lika eg godt, helst når det var slike stykkje som ein laut bruke tankane. Det einaste var dei store delingsstykkji med fleire sifrar, som var so alt for mange av. Dei vart eg veldig lei, men det var berre å lære grundig både den vesle og store tabellen, so gjekk det. So den kunne me.

Eg hadde Svein Kråknes som lærar dei seks fyrste åri. Det sjuande året hadde eg Hallstein frå Gudbrandsdalen. Han hadde ein kamerat som var lærar i Feiring. Han let sine elevar skrive brev til oss. "Til ei jente på 14 år", stod det på det fyrste brevet eg fekk. Det var frå Anna Fosterud, henne hadde eg forbindelse med so lengje ho livde. Eg vitja ho fleire vendur, ho var ei god veninne. Siste året hadde eg Olav Svalastog som lærar. Han vart seinare min svoger. Den tid hadde Skree lærar saman med oss. Han var der ute nokre vikur kvar vinter. Eg minnest at eg køyrde Olav utyver ein gong. Køyrde til Sinnes, so gjekk han yver isen til Skree. Olav køyrde sjølvstet utyver, men eg køyrde åleine heimatt. Det var ein fjording, kjem eg i hug. Han var snill og grei, men han var so skvetten. Det var mildveir den dagen, so pass at snøen smelta og draus or trei. Kvar gong skvatt han til, og rykte framyver i ein fart. Me køyrde isen til Kaupmannsfloti, smallt det i isen, so skvatt han og til. Skree var saman med Vråliosen endå nokre år, men lærarane vart lei dette. Det virka til at det vart skifte av lærar kvar vinter, og vel so det. Seinare la dei Skree til Sinnes krets.

Det var godt at middagen stod klar når me kom heim frå skulen om kvelden. Det kunne vera forskjellig meny, men det var nokso vanleg til kvardag med steikt flesk med kvit saus til, eller kålrotstuing, eller berre stua kålrot. Hadde ikkje elektrisk straum, sjølvstet ikkje kjøleskåp eller fryseboks. So me visste ikkje av anna enn å salte det meste av kjøt, flesk eller fisk ned um hausten. Einaste kjøtkakur og svinefileane koka me ekstra på trykkboksar, tetta dei fli-deleg til med gips, so dei vart som hermetisera. Det var ikkje so ofte me fekk slikt. Det var helst ved særskilte anledningar. Hadde me lungemos ein dag, hadde me helst ei saftsuppe inntil, koka med ris eller havregryn, eller berre ein jevning med jordeplemjøl med rusiner. Det var då rektig godt. Blodpylse hadde me og um hausten når den heldt seg klaka. Då passa det med mjølkesuppe med risengryn til. Hadde me lapskaus, laut me ha polentapudding til

disær. Sundag ver det sjølvsagt ertesuppe med byggryn, gulrot og kålrot, koka på ein fleskeknoke og eit stykkje oksekjøt. Ser so klart fyre meg den store suppekjelen som står på den store vedkomfyren og kokar. Til sine tider var me 15-16 til bords, so det skulle ikkje småtterti til med mat.

Det var vanleg at me slakta ein stor gris og ei kvige, kyr eller stor oksekalv kvar haust. Den fyrste slaktaren som me nytta, som eg minnes, var Halvor Undeberg, han var son til Jon og Aashild som eg kjende gjennom bøkane um vekkelsen i Vrådal ca 1860-åri. Me hadde ei stor kjøtkvern som me drog, og mol både til kjøtkaker og kurv. Kurven var berre reint kjøt og fleisk, ikkje uppspedd med mjøl eller væske. Dei vart laga i tarmar som me hadde gjort reine. Eg minnest at eg vart sendt burt til Badstogbekken for å gjera dei reine. Det vart gjort grundig, det. Når dei var vaska so godt me kunne, so vart dei lagde i saltvatn ei tid. Kurven vart lagd på fjølar som var spikra millom bjelkane i eldhuset. Der låg dei ei tid til dei hadde turka litt. Seinare vart dei lagde oppå kjøtet som vart salta i ei tunne eller trebalje.

Me var tidleg med og hjelpte til med dagleg arbeid. Det vart ein stor oppvask når me hadde ete middag so mange. Me var fire jentur, nokså tripp trapp i alder. Då ordna me det so greidt når me skulle vaske upp etter middagen. Då laut ei vaske, ei laut turke, ei vaske grytene, det lika me kleinast, for det var jerngryter som var sotute under, so me kunne ikkje ha dei uppe i balja. Me bruka ei sinkebalje til oppvasken. Den fjerde av jentene laut pusse knivane. Det var ikkje rustfrie knivar den tid, so me laut pusse dei kvar dag. Det var so greidt med ein skåpp som Gro hadde laga, som hekk på veggen. Der låg ein slag stein uppe i som var til det bruk. Skrapa noko av den, og pussa knivane med ei fille eller ein kork, so då vart dei fine. Soleis lærde me etterkvart frå me var nokså små til å arbeide. Gutongane laut hogge ved, og forskjellig anna som var kararbeid. Me jentene laut bere inn ved, og det laut det ei masse til. Det stod ei stor vedkasse på kjøkenet som laut vere full kvar kveld, og endå ei stor røk på. Like eins ei stor kasse i daglegstoga, og tvo-tri soverom. Det vart mange fang, det!

Eg var ikkje stor jenta når mor sette meg til å saume underbukser til dei mindre syskini. Det var berre så vidt at føtane rakk ned på trøa på symaskina, me hadde trømaskine då. Det var vanskeleg å få det til og, med det same. Var stoffet likt på bae sider, på retta og vranga, so var det fort å gjera det til same låret, så var det berre å rekkje det upp att, det er vel ingen som likar det ?

Ein gong skulle eg saume fine underbukser til jentungane. Dei var av lerret, og kapper med blonder på. So oppdaga eg at eg hadde sauma kappune på slik

at dei vart til same låret. Det var berre å rekkje det upp att, det! Det var so ergeleg! Eg la det frå meg, tenkte at eg ville rekkje det upp seinare, men då eg tok det att, so var det upprekt! Det var mor som hadde gjort det utan at eg merka det. Eg var ikkje berre glad for det, eg skamma meg. Eg sauma den ferdig og tagde meg. Soleis lærde eg etter kvart å sy. Um tid og stunder sauma mor og eg dress til far.

Eg vart konfirmert i Vrådal kyrkje i 1918. Hadde lang veg for å møte presten den sumaren. Den dagen me "teikna" oss, sykla eg ut til Kyrkjestoga i Vrådal, nere på tvo mil. Men det vart verre seinare. Når båten "Dølen" gjekk dobbeltrute, det vil segja at han gjekk frå Vråliosen til Treungen, og upp att til Vråliosen um kvelden same dag, då tok me båten ut til Vrådal um morgonen, gjekk yver heii til Smeodden, og rodde yver vatnet til Spjotsodd. I ei lita raud skulestoge der møtte presten Bergland upp. Det var litt strevsamt for meg som var litt hangleite med helsa. Eg hadde nere svima av eingong, me stod og vart høyrde i leksene. Presten merka det, so han fekk ei av dei andre jentene til å fylgje meg ut for å få frisk luft. Då me var ferdige med overhøydingi, var det same veg heimyver. Me gjekk yver heii att til Vrådal, det er ei mil. Tok so båten derfrå til Vråliosen att um kvelden. Når "Dølen" ikkje gjekk dobbeltrute, laut me gå til Bandakslid. Det var yver ei mil å gå heimmanfrå. Tok båten der til Spjotsodd, like eins på heimveg um kvelden. Det varte heile sumaren, ein dag kvar vike. Då var konfirmasjonen um hausten.

Det var vanskeleg å få tak i tøy til konfirmasjonsklær den hausten, på grunn av at det hadde vore krig ut i verden i fire år. Det var rasjonering på tøy, men um ein hadde kort, so var det liti å få tak i. Fekk då tak i noko fint svart ulltøy um ei tid, som var nok både til kjole og jakke, so det vart liksom drakt. Jakka var fora med silkestoff, so eg vart godt nøygd med det, eg. Kåpe var ikkje å oppdrive.

# Kviteseid Elektrisitetsverk

Håkon Ruud

Mot slutten av forrige århundre vart det sett i gang bygging av elektrisitetsverk ei rekkje stadar rundt om i landet vårt. Skien var fyrst ute med å skaffe innbyggarane straum til elektrisk ljøs i heimane. Dette skjedde i 1885. Raskt fylgde andre byar og tettstader etter.

Tanken om å skipe elektrisitetsverk fekk grobotn også utover bygdene i Telemark. Vilråa låg til rette med mange større og mindre elvar og bekkar med store fallhøgder.

Rett før jol i 1913 samlast sju karar i kommunehuset på Moen med det føremål å skipe elektrisitetsverk i Kviteseid. Dei hadde sett seg ut Opsundbekken som godt eigna for utbygging. Med utspring frå fleire tjønner oppe i Opsundheia, kasta denne bekken seg utfor dei bratte liane ned mot Sundbygd og rann ut i Sundkilen mellom garveriet og gamle Kviteseid Hotel. Forsamlinga, som bestod av Wilhelm Florentz, Nils Botnen, Tor Vaa, Didrik Cappelen, Leif Midtsund, Petter Groven og Olav Bjaaland, vart samde om å skipe eit elektrisitetsverk så sant "Hestekraften levert ved vore Husvegge ikke kommer til at overstige fire hundre kroner pr. hestekraft som Anlægssum".

Dei vart også samde om å yte inntil 25 kroner kvar til planleggingsarbeid. Dei valte Tor Vaa, Didrik Cappelen, Andreas Utsund, Leif Midtsund og Olav Bjaaland til å arbeida vidare med saka.

Straks etter dette fyrste møtet, mottok planleggingskomiteen brev frå selskapet Norsk Elektrisk & Brown Boveri som sa seg villig til heilt kostnadsfritt å laga kostnadsoverslag og greie ut alle tekniske spørsmål knytt til utbygginga. Komiteen aksepterte dette, og arbeidet med å realisere planane var for alvor i gang.

I Kviteseid gjekk det ut innbyding til folk om å teikne seg som deltakarar i verket. Då det vart kalla inn til stiftingsmøte i mai 1914, hadde 22 deltakarar teikna seg. Ein ingeniør gjorde greie for kostnadene. Stiftingsmøtet vedtok at deltakarane til saman skulle reise kroner 5.000,- i eigenkapital. Kroner 65.000,- skulle takast opp i lån. Eit anleggsstyre vart valt til å gjennomføre utbygginga. I anleggsstyret sat Didrik Cappelen, Tor Vaa, Andreas Utsund, Olav Bjaaland og Sveinung Lundevall.

Verket vart så lyst ut på anbod. Etter gjennomgang av dei anboda som kom inn, valte anleggsstyret selskapet Siemens-Schuckert til å stå for utbygginga, med Myrens mekaniske Verksted til å syte for den hydrauliske delen.

Det vart ein hektisk sumar for anleggsstyret, og dei fordelte dei mange praktiske arbeidsoppgåver seg imellom. Andreas Utsund drog rundt i bygda for å få teikna abonnement. Han sytte også for å skaffe anbod på naudsynt graving og sprenging til rørgata. Dette arbeidet var det Saamund Aakeren som tok seg av. Olav Roholt og Olav Bjaaland tok seg av tingingane med aktuelle skogeigarar om lagleg timmer til stolpane. Sveinung Lundevall, Olav Roholdt og Olav Bjaaland sytte for å få nokon til å ta seg av stolpereisinga. Tallef Aakeren tok jobben både med graving til stolpane og sjølve stolpereisinga. Støype- og muringsarbeid vart utført av L.H.Lie, medan reisinga av sjølve kraftstasjonsbygget vart sett bort til Eivind Jore. Bygget står der den dag i dag, rett på oversida av riksvegen på eigedomen suigard Opsund.

Fleire la inn anbod på oppføring av damanlegga. Det skulle byggast ein dam ved utløpet av Stemtjønne, og ein mindre dam ved Kongsberg. Herifrå gjekk vatnet i rør ned til kraftstasjonen. Dambygginga vart sett bort til Knut Staaland, og fristen han fekk for ferdigstilling var midten av september 1914.

Opsundbekken hadde frå gamalt vore nytta til mange ulike føremål. Her var kvenner, sag, valmålsstamper og garveri. Det var fleire som frykta for vassføringa nå når bekken skulle demmast opp. Frå Wridt på garveriet og frå partseigarane i Opsundsaga kom det innsigelsar. Etter tingingar mellom partane kom ein fram til minnelege ordningar.

Det var mange stolpar som skulle reisast rundt ikring i bygda, og snart oppstod problem med å få fullført jobben. Ein del grunneigarar hadde innsigelsar mot traseane, dei meinte stolpane påførte eigedomane deira unødige ulemper og skade. Wilhelm Florentz fekk jobben med å tinge med grunneigarane, og etter eit par månader var det formelle i orden. Verket hadde sikra seg rettar til å føre fram hovudledningar og lågspenledningar.

Erstatningsoppgjeret med grunneigarane vart ordna på ulik vis. Einskilde fekk betalt i kontantar. Andre fekk oppgjær i fri straum. For ein høgspenstolpe på eigedomen sin, fekk Aanund Kaasi fritt ljøs i eit år. Som erstatning for nokre stolpar fekk Halvor Kaasi fri straum til to lamper, dvs. 60 watt i 2 år.

Grunna krigen ute i verda, fekk verket problem med å skaffe seg naudsynt kopartråd. Forsvaret vart naturleg nok prioritert framfor andre føremål på

den tida. Leveransane til elektrisitetsverket i Kviteseid vart usikre, og prisane gjekk opp. Saman med andre uføresette tilhøve, førte dette til nokså store økonomiske overskridingar. Verket måtte ta opp lån i Kviteseid Sparebank på kr. 25.000,- i tillegg til lånet på kr. 65.000,- som verket hadde tatt opp i Saude og Nes Sparebank.

Planen var å få verket i drift før jol, men grunna dei ulike problem som dukka opp, drygte det til ut på ettervinteren 1915 før verket var i drift. Midt i mars 1915 overtok verket den ferdigmonterte hydrauliske delen. Samstundes vart Eivind Sundsbarm tilsett som tilsynsmann ved verket.

Verket bestod av ein einfasegenerator som ved 1000 omdreiningar og 5000-5250 volt spanning avga 68 KW. Om turbinen heiter det i spesifikasjonen frå Myrens Verksted: En enkel turbine paa horisontal aksel for direkte tilkupling til generator og for anbringelse i støbejerns kapsel, konstrueret som pelton-turbine med bevægelig kniv- og naalregulering etter følgende data: Effektiv kraftudvikling i HK: 105. Effektiv faldhøide i meter: 215. Antal omdreining-er pr. minut: 1000. Nødvendig vandmengde i liter pr sec.: 47. I fyrste omgang gjekk det med 26.000 meter koparleidning for å føre straumen ut til abonnentane.

Det elektriske ljuset var dermed kome til Kviteseid. I fyrste fase til dei næraste områda kring kraftstasjonen, men raskt breidde det seg utover bygda. Frå oppsittjarane på Møsasida kom det førespurnad, her fekk dei ført fram straumen våren 1916. Frå kanalselskapet kom det førespurnad om straum til ljøs i Skarprudstraumen. Snart kom det spørsmål frå Brunkeberg om framføring av straumen også dit.

For å knyte seg til nettet, måtte nye abonnentar sjølv skaffe og reise stolpar fram til husa. Desse måtte dei syte for å vedlikehalde og evt. fornye. Dei plikta seg til å betale for det watt-tal dei tinga.

Det var fyrst og fremst til ljøs dei fleste tinga straum i fyrstninga. Det var dei som tinga 50 watt, 100 watt var mykje vanleg. Då hadde dei til fleire pærer. Einskilde ynskte straum berre til ei einaste pære, men dette fann verket vanskeleg å imøtekoma.

I tillegg til straum til ljøs, fekk abonnentane høve til å tinge straum til "teknisk bruk". Denne straumen vart levert til ein lågare pris. Etterkvart vart det fleir og fleir som ynskte straum til teknisk bruk. I heimane skaffa folk seg ulike hjelpemiddel som kravde straum, rundt om på gardane tok dei maskiner

i bruk. Til dømes søkte doktor Ludviksen i januar 1916 om 300 watt til ljøs og 200 watt til teknisk bruk. Styret for verket gjorde slikt vedtak: "Man fandt, at doktoren for at faa adgang til at faa kraft til teknisk bruk til billig pris, maatte abonere paa 400 watt til lys".

Ulike andre næringsdrivande ynskte å ta nyvinninga i bruk.

Bakar Jacobsen planla å gå over frå vedfyring til straum i bakeriet, og i 1917 søkte han om 12 KW til oppvarming av ein bakarovn.

Det hendte då som nå at straumtilførselen til abonnentane kunne svikte. Eg hugsar ein gong, etter at me hadde gått over til straum i skreddarverkstaden heime, at straumen vart borte ein dag. Det var travelt i verkstaden, fleire skulle koma og prøve denne dagen. Det var ikkje anna råd enn å fyre opp i ovnen, og seta over jønna. Dei måtte varmast for å få unda pressinga. Det vart så varmt, at kundane ikkje orka å prøve inne. Dei måtte ut på tunet og prøve der! Me såg alle tydeleg kor stort framskritt etableringa av Kviteseid Elektrisitetsverk hadde vore for bygda.

Verket vart drive som eige selskap fram mot andre verdenskrig, då det blei aktuelt å overdra det til Vest-Telemark Kraftlag. Både i 1940 og 1941 var det tingingar mellom styra i dei to selskapa om overdraging. Tingingane vart vanskelege, og såg ut til å køyra seg fast. Dette utløyste eit voldsomt engasjement blandt folk i bygda. Våren 1941 vart det gjennomført ei underskriftskampanje der "heile bygdi" kravde at Vest-Telemark Kraftlag overtok for å sikre straumtilførselen til heile heradet.

Slik gjekk det. Nye tider var komne, og Kviteseid Elektrisitetsverk kunne ikkje lenger oppfylle det behov for straum som folk i Kviteseid hadde.

# Ein bygdeoriginal

Torleiv Lid

Han heitte Kjetil Johnsen. Dette var ein mann litt utanom det vanlege av dei som levde på same tid som han her i Morgedal. Han var født i Ordal i slutten av 1860-åri, og far hans heitte Jon Slette-meås. Han budde ei stund i sin alderdom på Sudbø i Morgedal. Eg minnest Kjetil frå 1915 og framover så langt han levde. Han blei ca. 85 år gamal.

I sin ungdom, det vil seia i hundreårsskiftet, drog han til Amerika, som so mange på den tid. Men han kom attende bare etter eitt års tid der borte. Det var vel helst språket, som han ikkje greidde å tileigne seg, som gjorde at han kom att so fort. Men den "nimbus" eller mystikk som han prøva å omgeve seg med, hadde han nok tenkt ut på denne ferdi. Han fortalde aldri noko frå Amerika, om han blei spurd, vrei seg bare unda. Men når det skulde hende noko nytt i bygdi som alle gledde seg til å sjå og møte fram til, og dei så spurde Kjetil: "Du skal vel møte opp du au den dagen, Kjetil?", so svara han jamt: "Nei, slikt hev eg sett so uhorveleg mykje av i Amerika, at detta der æ ingenting fe meg".

Han tok arbeid på gardane, og då laut han ha kost og losji på staden so lenge arbeidet varte, for han hadde ikkje hus sjølv dei fyrste åri eg hugsar han. Det var ved vedhogst og onnearbeid om sumaren, og så tresking om vetteran. Og han var uvanleg vælvirke i arbeidet sitt. Særleg med treskinga, han tolde ikkje slurv i noko slag arbeid, men særleg på låven var han nøyen. Det var nok ikkje mange kornaksi som gjekk til spille når Kjetil var på låven, nei. Eg trur nok at han vilde at arbeidet skulle vara ei beite også, når han fyrst hadde kome seg inn på ein gard.

Så hadde han sine egne idear om mat og matstell, og kva som var sundt og kva som var usundt. Og det han hadde funne ut om dette, rikka han seg ikkje i frå om vitenskapen kom fram til andre resultat aldri so mykje. Sukker og serleg syltetøy var skadelege ting, serleg det siste hadde aldri vore i hans munn. Derimot smør, flek, feitt syltreflek og serleg salt var sunne saker.

Eg hugsar ein vinter han budde hjå oss fleire veker medan han treskte. Mor hadde laga eit stort stykke feitt syltreflek som ho hadde liggans i saltlake i eit stort trespann. Ein dag sette ho fram tykke skiver av dette til middag. Kjetil lika dette godt, forsynte seg bra og la på so mykje salt på kvar skive at

ein såg ikkje kva som var under dette laget. Mor grua seg, og til slutt sa ho: "Du må'kje ha i deg so mykje salt, Kjetil, du kan bli sjuk!". Kjetil såg bare på ho og svara: "Salt æ sunnt det, morr!"

Og så kaffe, då, ramsterk svart kaffe utan fløte og sukker. Og han var nøye med koppen. Den største koppen og den djupaste skåli som fanns i huset måtte fram når Kjetil var gjest. Så måtte ein fylle i kaffe til det rann over kanten, og så måtte skåli fyllast ut på kanten, den og. Fekk han ikkje servera kaffen slik, så blei han fornærma med ein gong.

Og så var det tobak, skråtobak. Ein tumme lang buss, stadig når han arbeidde om dagen, og så kritpipe med finkarva skråtobak i, i tillegg om kvelden. Eg hugsar om kveldane ved gruva som det brant lysteleg på, sat Kjetil og røykte kritpipe, samstundes med at han hadde ein tumme lang skrå-tobakbuss å tygge på, medan han spytte brune strålar bort i varmen. "Tobak æ sunnt, det!", sa han. Då var han i so godt lag at det hende at han spurde oss ungane om han skulde snakke engelsk for oss. Og forventningsfulle gjekk me inntil han så nær me kunne - og så kom det: "Ken ju bikken bakken billam boys?" sa han, "Hott trur de detta betyr?" Me stod bare stumme av undring over ein slik kunnskap, og så kom det: "Detta betyr: Kan du baka brød for ungane?", sa han og så kom det ein liten triumferande lått etter på. Og når eg nå tenkjer etter, så hev eg ikkje meir utdanning i engelsk eg, enn denna eg fekk av Kjetil i 8 års alderen!.

I 1920 fekk han tomt på Bergland, og bygde seg ei liti stoge der. Det var bare eit rom, med trev oppå i stoga, og ein glugg på utsida førde inn på trevet. Detta er vel det mest spartanske huset eg hev sett, men her budde han resten av livet, til han måtte på gamleheimen.

Her dreiv han å laga river om vetrane. Og det var han ein meister til. Dei låg so godt i hândi, rivune av Kjetil, sa folk. Dei var lette, smekre og fine, så dei ville alle ha.

Så var det ein annan ting også med Kjetil. Han var den siste her i bygdi som fullt og fast trudde på tussar. Han blei vel litt tunghøyr med åri, og hadde vel ein god del øyrevoks også som laga alle desse lydane. Det var både godt og vondt å ha so mange tussar i stoga si. Dei spela på fele, og det var dei gode til, og so song dei so fint. Eg hadde fele på denna tid som eg spela litt på. Kjetil sa fleire gonger i fullt alvor: "Du burde koma og sitje i stoga mi ei nått, då kunne du lære mange fine slåttar." Men some tider bråka dei litt for mykje, so det nesten blei ei plage. Og ei gong sa han: "I nått var det so mykje

leven av tussane her, at det va fælt. Og eg trur det var ei tussekjering som gjorde barsel på bordet mitt, og då laut eg sjaue di ut." Ei onnor gong lånte han seg ei haglebørse og stod i ein stige og skaut inn på trevet i mørkret. Då var der slik bråk. Han fekk visst ikkje nokon tusse, men han hadde visst skote sund ein treholk som han hadde ståande der.

Aslak Donstad hadde fenge greie på dette, og spurde Kjetil om det var sant. Kjetil svara ja til dette. Då sa Aslak: "Dersom du skulle slompe te å få skjote ein ei gong, kan eg få tinge på fitin då?" (Fitin var den delen av ei dyrehud som folk laga seg hudsko av).

Kjetil levde som sagt til han blei ca 85 år, og då han gjekk bort, blei bygdi ein orginal fatigare.

# Den gamle apalen

Trygve Naper

*Eg såg ein apal,*

*eit gammalt tre,*

*med mosegrodde kvister.*

*Av storm og uver broten ned*

*han stod der,*

*stur og bister.*


*Men for eit under!*

*Våren kom.*

*På ny stod apalen i blom,*

*og trass sin høge alderdom*

*med blad og grønne kvister.*



# Torkel Oftelie

John Skarprud

Torkel Oftelie vart fødd 23. januar 1856 og voks opp på Oftelie i Høydalsmo. Han gjekk på Kviteseid Seminar og vart mellom anna lærar i Høydalsmo, Morgedal og Vrådal. I 1886 reiste han til Amerika og dreiv som lærar der i mange år.

Det kom då opp ein tanke om å skipa eit lag for utvandra telemarkingar. 16. januar 1907 kom nokre saman i Peries Hall, Fargo, og gjorde fyrste opptaket. Torkel tok på seg å vera sogeskrivar for dei utvandra telane og skrive i "Telesoga".



Eg minnes det kom ein mann til Skarprud til far då eg var smågut. Det var i slåtten, og mannen var Torkel Oftelie. Ei soge som Torkel fortalde far, var denne: "Eg minnest ein nykomargut som melde seg inn på skulen ein vinter, helst for å lære engelsk. Eg spurde han om han ikkje kunne litegrand engelsk for å få greie på kva for klasse eg skulle setja han i. Nei, han kunne ingen ting. Han var komen inn i ein kyrkjelyd der dei tala likså norsk som i ei bygd heime. Ja, men du kan vel litt, når du har vore her i landet ei tid. Du lærde vel litt på reisa og i omgang med folk ? Ja, eg kan banne litt på engelsk."

Det kom ut over femti hefte av "Telesoga" frå 1909 til 1924. I 1909 utgav Torkel og S.B.Salverson ein stevleik "Tiriltunga" som dei nytta på stemner og samkomer. Han vitja telar i mange statar, helst i Dakota, Minnesota, Wisconsin og Iowa, og var velsett kvar han for.

Torkel skriv om barneåra i Høydalsmo, han hadde berre 12 vekers skule. Knut Hestehagen frå Øyfjell var lærar i Hovden krins og budde i skulestoga på Mørke. Om kveldane laga han tresko. Ein kveld kom Torkel på vitjing. Knut sat med treskoarbeidet. Torkel laga då dette verset:

Eg kom til Mørke seint om kvelden  
Knut sat inne og skara elden  
Den eine treskoen var hola ut,  
den andre var rosa og tjørsmurt.

Torkel slo seg til i Fergus Falls, Minnesota, men mykje var han på farten rundt om i statane. Han kom heimatt i trettiåra og gjesta heimbygd og heimland og dei menn han hadde til å hjelpe seg i arbeidet med "Telesoga". I 1943 døydde Torkel Oftelie.

I "Telesoga" nr. 28, juni 1916 stend stykket om Kvit-Aslak. Han budde på Høgli i Morgedal, men var for det meste på vandring rundt i Telemark.

# Kvit Aslak

Torkel Oftelie

Ein av dei merkjelegaste figurar, som for rundt i bygdane i Telemarki, var Kvit-Aslak. Ingen var vel so vidt kjend som han, for han var alltid paa vandring, og ingen er de fortalt so mykje løglege sogur etter, for han var makalaus te finne paa alle slags spikk og heimløysur. I syttiaari var han her i Amerika, og daa vandra han rundt i Minnesota, Wisconsin og nordre Iowa.

Aslak var ein merkjeleg mann, som ein ikkje gløymde so snart, naar ein ha set honom. Han ha snjokvitt haar og skjegg, kvite augnebrunir og kvite augnehaar, store raudsprengde augur, yvi seks fot høg, gjekk med store biksaumsko, ein fotsid støvfrakk og med ein diger lang stav i haandi. Yvi oksli ha han som tiaste ein sekk, som var knytt paa midten, so der dingla ein pose bak og ein framme. Slik saag Aslak ut, daa han for bygdemillom og øvde sine spikk og spisburstykkje, og slik såg han ut eingong eg møtte honom paa Brunkebergheidi.

"Guddag, farmin! Kan du seia meg vegjen til Morgedal?", sa han. "Eg skal seia deg vegen til Filadelfia. Vegen til Morgedal visste du fyrr eg kom te", sa eg. Han sa stundom han var fraa Filadelfia, naar dei spurde han. Aslak var nyleg komen att fraa Amerika. Eg gav meg til røa med han og sa de var godt han kom hit att og at eg vona folk tok godt imot han og so fram igjennom. Ja, let han um. "Fremini i Sundbygdi gjøre kalas for meg, og i Morgedal var dei so glae, daa dei saag meg, at dei skaut proppeskot annan kvor mann, farr."

Der var hermur etter Aslak, kor han for. Daa han kom til Ofte, fekk han narre ein gamal husmann til gaa burt til Mogen, som var skjuss-station, og bestille skjuss. "Du kan seia eg er fraa Filadelfia, farmin." So fortalde han dei vidunderlegaste historier fraa Amerika. Naar dei sa han laug, blei han fælt alvorleg, riste paa hovue og sa: "De maa du alli seia, far. Sa du de til nokon i Amerika, so tok dei og hengde deg."

Han kunde fortelje um alle som ha reist til Amerika. Med some ha de gjengje so og some so. "Fillejon" ha blive prest", sa han. "Daa han var heime, var han so klen til lesa, at presten kunde kje konfirmere han."

"I Amerika hev dei ein slags mat, som dei kallar "grubb", sa han, "og naar dei et den, saa sveitar dei fælt". Han var fæl til handle klokke. "Lat meg sjaa

klokka di, far", sa han. Han maatte halde alting tett inntil augo, naar han skulde sjaa paa de. "Slike klokke kunne du faa for ein daler bushelen (tønne) i Amerika, og klaga du paa maale, fekk du ei skuffe etterpaa." So for han rundt og galvanisera, og mange rare ting fortalde dei um dette.

Ein kveld kom han til Vraa i Vraadal, med eg var der og heldt skule. Han vilde saa stoppe der um notti. Daa dei sa, der var kje rom, var de kje fritt for, han blei sinna. Han snudde seg i dynni fyrr han reiste og gav seg til at tralle Yankee Doodle.

"A Yankee boy is trim and tall and never over fat, sir." song han, og soleis fekk eg høyre Yankee Doodle for fyrste gong. Eg kjende Aslak fraa eg var ein gutungje. Han for so tidt gjenom Høydalsmo, og eg ha høyrte so mange pussige ting um han.

De fyrste spisburstykkje han gjorde var so sjenialt at han vart mægjeten med ei gong. De var, daa han narra brenvinskotløren. I den fyrste tid etter de var forbode aa brenne brenvin, vart de insett kontrolørar, som skulde sjaa etter at loven var halden. Ein slik kontrolør var Anderson, som budde i Skien og skulde sjaa etter i telebygdane. Han var ein gong til Gvarv, som ligg utved Norsjaa, og hit var Aslak Høgli, hell Kvit-Aslak au komen paa ein av sine fyrste vandringar. Kontroløren for rundt aa tala



med ein og annen for aa finne ut, om nokon brende. Og saa kom han itale med Aslak og spurde, um han viste um nokon uppi bygdane, der han var ifraa. Aslak drog so paa de, og sa de kunde kje vera so fritt; men han lika kje aa føre nokon i ulykke. Anderson vart daa meir interesera og for til aa slaa paa, at han vilde betale han for de, um han kunde setja han paa spor etter nokon. "Fær eg 5 daler", sa Aslak, "so skal eg fortelje deg um ein som brenner; men du maa kje nevne navne mit." Han gav seg eit anna navn, Aslak. "Naar du kjem uppi Morgedal, so spyr etter ein som heiter Aslak Høgeli, han brenner." Kontroløren betala femmeren, og strauk avstad til Morgedal. Daa han spurde etter Aslak Høgeli, visa dei han uppaa brote der Høgeli laag. Her fann han endeleg ut, at han hadde vorte narra, og at de nok var Aslak sjølv, han ha tala med. Nokre aar etter raaka han att Aslak paa Bandaksbaaten. "Var de kje du, som narra meg so?", sa han. Nei, de visste kje Aslak um. "Jau, det var ein "albino", ein kvitinge akkurat som du," sa kontroløren. "Ja, men eg hev ein bror, som er like kvit som eg, de maatte vera han," sa Aslak, og so spyr han kontroløren so truverdig, hosse de ha gjengi for seg.

Ein annen gong for Aslak ned gjennom Laardal. Daa han var komen ned mot Bjaaland, so møtte han eitpar feiarar, som han gav seg i snak med og spyr dei ut, um dei hev feia nokon stad i bygdi, og so seier han, at han au skulde ha feia skorsteinspipa; men no maa eg ned paa kraambui, seier han. Dei spyr, kor de er han bur, og Aslak peikar upp til Tveito, og seier de er der, han bur. Dei kan reise upp der og til aa feie, og ikkje bry seg um hott kjeringi seier. Han kom snart att, og daa skulde han betala dei for arbeidet, sa han. Der var ingen annen enn kvendi heime paa Tveito, og de visste Aslak. Feiarane reiste til Tveito og feia, men dei saag kje meir til Aslak, som skulde betale dei for jobben.

Ein annen gong var han i Stavanger. Daa kom han paa, at de skulde vera braa aa have seg nye klæder. So reiste han ut langs med fjørestrondi og lauga seg og so kasta han klæde sine paa sjøen. Der etter flaug han naken langs strondi og huva aa skreik, at der ha vore tjovar aa stole klædi og pengane hans og alt de han ha paa seg. So maatte folk i byen skaffe han klæder, kan du vita. "Dei klædde meg upp, far, fraa top til taa, so eg saag ut som ein gentleman. De fattast kje anna hell brillur," sa han.

Er eg kje misteken var de i 1869 Aslak reiste til Amerika. Han ha kje pæning til kaupe billet for; men han kom fram likevel, og um han ha havt, so streid de mot hans principer aa betale for slikt noko. Han fekk ein baatsmann til aa løyne seg i lasti til dei var komen i rom sjø. Der var fleire telemarkingar med paa reisa, og dei vart kje lite forundra, daa Kvit-Aslak visar seg paa dekket ein dag, daa dei var komne ut paa have. Han fekk mat av ein og annan, som

var vel forsynt med nyste. Men de merkjelegaste var, at han kom heilt fram til Wisconsin utan pengar. Ein telemarking, som var med i fylgje, seier Aslak var makalaus til greie seg ut. Han ha ingen billet, men med blei han heilt til La Crosse, der gjekk han av saman med ein flokk, som skulde til Houston, Minn.

Eg hev treft mange, som saag Kvit-Aslak, daa han var her i lande, og som kan fortelje smaastubbar etter han. Somestad i Wisconsin var han vel kjend. Han kom ein gong til ein mann der, som vilde so gjønne hava ein norsk gullring. "Ja, eg hev netup ein paa meg", seier Aslak, "ein som er ekte norsk, og den skal du faa for 5 daler". "De skal du faa", seier mannen. "Imorgo reiser eg inn til byen, og daa kan du bli med, so gjeng me inn til gullsmeen. Seier han, at ringen er egte, so fær du pengane". Der kom regn og ruskver, daa dei var i byvegen. Daa dei kom fram, seier Aslak: "Eg hev so klen ein frakk, no etter du sko kaupe denne ringen, so kan du lata meg bli med inn einstad og faa ein coat". Ja, mannen var med inn og dei kaupte ein coat for 5 daler, og so gjekk dei burt til gullsmeen. Han sa som sant var, at ringen var ikkje gull, og at den var verd 5 cents. Daa vart mannen sinna, og sa, at Aslak skulde vera med tilbakars aa levere coaten. Han vilde kje bli halden for narr. Ja, Aslak maatte vera med, men so maatte dei yvi gata, og der var søylute og store vassdæmmur. Her var Aslak so uheldig, at han fekk den eine foten bakum den andre, og so datt han so lang han var i søyledæmma. Daa dei kom inn til handlaren, vilde kje han taka att den søylute frakken, og so fekk Aslak hava baade den og ringen.

Han bruka mykje aa forsylve knivar og skjeiir for folk. Naar han var ferdig og ha fengje betaling, so nepte han dei inn i papir og sa dei maatte kje opnast paa 72 timar, ellest ville dei bli svarte. Dei tolde kje ljose. Det kunde vel hende some opna dei for tidleg; men etter segni, so var dei jamt svarte, so det var nok fusk, han for med. Han gjorde aldri noko gale, som han var ibeit for, de var alltid slik, som folk maatte læ aat. Han kom heim att fraa Amerika i slutten av 70 aari, og døydde for nokre aar sea på Norbø i Vraadal, hev eg høyr.

# Daglegliv under krigen

Randi Nordskog

Det seiest at om hundre år er alt glømt. Når eg nå tenkjer tilbake nokre og femti år, då er me i krigsåra 1940-45, og minna blir nok litt dunkle.

Eg kom nygift til Kviteseid i 1941, me hadde fått husrom hjå Sigrd og Johans på Syftestad. Det var billig, eg trur det var kr. 10,- pr månad iberekna straum til nokre lyspærer. Me hadde det me trong, Arne hadde arbeid til 6-8 kroner dagen. Men krig var det jo.

Legitimasjonskort blei tidleg påbudt av "politiet", alle vaksne måtte ha det, med bilete, namn og data. Det var rasjoneringskort på dei viktigaste matvarene som smør, brød, sukker, fett, mjølk, så nokre gonger litt kjøt, ost, sirup, sardiner, men rasjonane var ikkje alltid å få tak i. Fett var stor mangelvare, den daglege rasjon på 30 gram kunne vera vanskeleg å få tak i.

Born opp til 5 år fekk trekvart liter mjølk dagleg, over 5 år blei som for vaksne, ein kvart liter skumma pr. dag. Potetene var nok det som redda mange frå sjukdom og svelt.

Det var kaffeerstatning og søtningsstoff å få kjøpt. Me fekk noko kvalspekk og tran som me steikte i. Den vesle smørrasjonen blanda me med poteter, for å ha noko å kline på skiva.

Når eg ser bilete frå den tredje verden, og ser kvinnfolka strevar med matstell heile dagen, minner det meg om vår tid under krigen. Alle som hadde ein liten jordlapp, hadde kjøkenhage med kål, kålrot, gulrot, poteter og nokre tobakksplanter. Hadde ein mange planter, blei det registrert av ein som gjekk rundt og målte opp. Likedan blei potetbingen målt, overskotet av det lovlege måtte leverast til tyskarane.

Dei som måtte hatt det vanskeleg, var familiar i byane med ungar i tenåra og ikkje ein jordlapp, og ikkje pengar til å kjøpe på svartebørs. Det ser vi også i våre dagar, så sant det er krig og nød, blomstrar svartebørshandelen.

Eit spesielt gledeleg minne frå krigstida var då me fekk besøk av ein gamal kjenning, Johanne Nordbø. Ho kom for å spørje om me ville kjøpe ein spekalv av henne, og ikkje nokon overpris! Det er minne for livet.

Den beste gåva me fekk då me gifta oss, var 30 kilo oksekjøt som me fekk av bror av Arne. Det blei litt tjuvslakting på elg og anna på denne tida. Eg minnes me var på tur til Roholtsfjell ei gong. I ei skorte fant me ein liten hareunge. Arne putta han i ryggsekken og tok han med heim. Me hadde eit kaninbur, og der fekk han bu. Han blei fora og mata, det skulle bli ein god middag av han! Då hausten kom, og haren skulle bli middagsmat, var me blitt så glad i han, at me orka ikkje å slakte han, langt mindre eta han! Men i dei harde tidene var det ikkje vanskeleg å få gjett han bort.

I 1943 blei eg gravid, og då dukka nye problem opp. Korleis skaffe barnetøy? Butikkane fekk noko tøy av og til, dette var også på kort. Hjå Torp Hansen fekk eg kjøpt 4 meter blåtøy a kroner 2,50 til omstendighetsforkle, 4 meter blåtøy a kroner 2,00 til dynetrekk og 3 meter flannell a kroner 0,70 til bleier.

Me hadde nokre kjente i Oslo som kunne skaffe ei barnevogn og noko barnetøy. Dei ynskte å byte i ein tvibandsgenser. Ja vel, eg hadde ikkje garn, men ull og rokk fekk me på Nordskog. Så var det spinninga, som Signe Midtbøen på Møsasida lærte meg. Det blei svart og kvitt garn, og det blei genser. Genseren blei godtatt, og me fekk vogn og tøy. Vogna var veldig spesiell. Kalesja var laga som persienner av trespiler til å skuve bakover. Eg hugsar ikkje lenger om den var vasstett.

Vogna hadde dobbel botn, denne kom til nytte som våpenlager!

Flesteparten av mødrene fødte heime. Me hadde ei koseleg og flink jordmor i Kviteseid som heitte Lovise Sanden. Ho hadde nok å stå i. Me fekk ein gut, han voks og trivast. Då tida kom at han skulle lære å sita på potte, fekk me vita at potten var å få kjøpt i Skien. Me måtte søkje fylkesforsyningsnemnda, men fekk avslag! Me måtte ut på bygda og låne, og det gjekk greit.

Såpe var det dårleg med. Me fekk kjøpt B-såpe, men den skoma ikkje. Dei som hadde noko dårleg-fett og kaustisk soda koka såpe, og den var god. Me lærte å laga lut av bjørkeoske og vatn. "Nøden lærer naken kvinne å spinne", som kjent. Alt blei nytta. Slitne genserar blei rekt opp, og garnet bruka om att. Me spretta opp utslitne bukser og jakker, og skjømte saman til nytt. For dei husmødrene som hadde 3-4 ungar i tenåra, var det eit slit å skaffe mat og klær.

Eg hugsar godt blendingsgardinene. Dei var heilt svarte, og når ljuset kom på inne, skulle ikkje ei stripe lys koma ut. Dette skulle vera vern mot bombing.

Ein ting ein lærte under krigen, var å stå i kø. Alle stader der det var noko å få kjøpt, og ein hadde kort og pengar, så stod ein i kø. Eg kjem i hug ei 1.april-skrøne frå denne tida. Ein slaktar i Oslo averterte at det var sal på "kalverogn", ein halv kilo pr. person! Der blei lang kø!

Meieriet i Kviteseid heldt på denne tida til i kjellaren hjå Sigurd Nørstrud. Der var ofte litt kamp om mjølka. Gravide og småungar fekk litt ekstra. Var det ei kjerling som fekk noko ekstra, så tenkte alle sitt!

Mylle var det i Kviteseid. Hadde ein korn, var der ein grei myllar. Han hjelpte mange med mjøl.

Forsyningsnemnda i bygda ordna med kort og tildeling av desse. Enkelte kort vart bruka til byting, særskilt tobakks- og brennvinskort var gode bytteobjekt. Dei siste korta på kaffe og sukker gjekk ut 17. mai 1953. Tobaksrasjoneringa gjekk ut 23. november 1946, til stor glede for mange.

Krigstida var ei vanskeleg tid for mange, men i Kviteseid slapp me frå det toleg bra. Inga bombing eller øydelegging. Oppgjeret etterpå gjekk føre seg utan for mykje hat, og bygdi er ein fredeleg stad me alle er glad i og kor me likar å bu.

## Spanande episode under krigen

Hallvard Dalen

Under den perioden som Lønnegraff Misjonsheim var okkupert som forlegning for tyske militære, var det serleg ein episode som eg hugsar godt. Eg vart konstituert som skogoppsynsmann, som det heitte dengong, i mai 1944. Under dette arbeidet hendte det i blant at ein fekk pålagt oppdrag som kunne vera vanskelege og utrivelege slik som tilhøva var då. Millom anna fekk eg pålegg frå overordna å sjå til at dei to tyske forleggingane som var den gongen fekk tildela nok ved til brensel. Brensel i alle former var nemleg underlagt rasjonering, og dermed tildeling også til tyske forbrukarar. Til det gardsbruket som høyrde under Lønnegraff Misjonsheim, var det noko skog, deriblant tolleg mykje lauvskog. Då denne forlegginga trong ved, fekk eg i oppdrag å blinka ut ved på rot innafor det område Misjonsheimen åtte. Hogsten av veden skulle dei faste folka som arbeidde på staden greida.

Den næraste grannen til Misjonsheimen var Hans Lønnegraff. Han budde på øvre Lønnegraff, som låg nokre hundre meter ovanfor. Hans var, så vidt eg hugsar, også formann i styret for Misjonsheimen, og hadde dermed tilsynet med staden. Og han praktiserte dette så godt det let seg gjera under dei tilhøva som rådde. Eg går ut frå at det og var han som hadde fått utvirka at veden skulle utblinkast av fagfolk.

Det var ein gong tidleg på summaren at eg fekk telefon frå Hans Lønnegraff om å møte opp neste dag for å utføra blinkinga i skogen. Sykkelen var einaste framkomstmiddel dengongen, og eg møtte opp i litt tid den avtala dagen med blinkeutstyr og regntøy, då det var litt regn, og vått i alle lauvtre. Hans Lønnegraff skulle møte meg utanfor porten til forlegginga. Hans var nemleg litt kjent med ein av vaktene som kunne vera tolk under samtalen.

Då eg kom til den vesle opne plassen framfor hovudporten, møtte eg eit over to meter høgt piggrådgjerde og med to-tre piggrådar på toppen som ein møne til båe sider. Ved sida av den veldige porten, som var ein rull av piggråd rundt ein bom, og oppå eit omlag fire meter høgt tårn, stod ein vaktmann med ei mitraljose i stilling mot alle uvedkomande inntrengjarar. Og i tillegg stod og innanfor porten ein stor sjæfer med ville augo og passa porten.

Vaktmannen ropa "haldt". Då Hans Lønnegraff ikkje var komen endå, fann eg det tryggast å trekkja meg litt tilbake. Men eg våga ikkje å gå lenger enn

nokre steg tilbake. Eg var redd at det kunne sjå mistenksamt ut om eg sprang eller gjorde andre ting som kunne oppfattast som eg hadde tvilsame oppdrag eller ting som vakta ville oppfatta som grunn til å fyra av ein serie med maskinvåpenet. Eg fann det difor mest fornuftig å stå roleg inntil vidare.

Slik stod me då og venta. Vaktmannen med maskingeværet fylgde meg nøye, så eg tykte mest at han talde kvart av dei sideglytt eg gjorde til den eine eller andre kanten for å sjå om Hans Lønnegraff var i vegen. Og då det drog endå litt ut utan at eg kunne sjå Lønnegraffmannen, vart situasjonen endå meir uroleg. Mitraljøsa peika mot meg heile tida, og sjæferen såg like vill ut.

Etter femten minutt, eller var det kanskje ikkje meir enn ti, tida fell lang når stillinga er så spent, kom så Hans Lønnegraff. Han spurde etter mannen som var tolk. Og snart kom han og. Porten vart rulla opp, og me var innanfor. Hans Lønnegraff fortalde tolken kva oppdrag me hadde, og så vart det avklara kvar me skulle og gå kva for område me kunne vandra i under blinkinga. Hans Lønnegraff var med og hjelpte under blinkinga, så me bruka ikkje særleg lang tid på det.

Så var då oppdraget ferdig, og me kunne roleg vandra ut porten att. Men eg kan forsikra om at eg var mykje glad då porten let seg att attom oss og at oppdraget var overstade.

# Tobakknaud

Tallev Moen

Når naudi er størst, er hjelpi nærast, heitest det. Soleis også med tobakk. Det var fælt lite tobakk å få i forretningane under krigen, og mange ordna seg sjølve. Det vart sådd frø under glas, småplantene vart prikla ut og seinare planta på friland. Det var fleire sortar, til dømes Havanna, Virginia, Portorico og Bondetobakk. Den siste var mest robust, mørkare og tykkare i blekkji. Han var så sterk at det var mange som ikkje lika han.

Eg avla fram småplanter og sette til utplanting. Når det leid til haust og planten gulna litt (viss dei kom så langt), vart dei skorne av nede ved roti og hengde inn på eit trev eller skjol til turk.

Det var mange som laga sin eigen tobakk. Dei la blekkje for blekkje på einannan, og dynka over med til dømes saft eller sirup. Det vart så rulla hardt saman og bunde med tråd, og sidan hengt på ein varm stad til gjæring. Etter nokre vikur vart rullen karva opp og havt i askar.

Augestad Tobakffabrikk i Larvik tok imot blekkje, og ein fekk då attende ferdig tobakk. Dei tok kr. 1,40 pr. ask for "fermiteringa". Ein slik fabrikkask vart oftast betalt med kr. 10,-, ein heimlaga ask med kr. 5,-.

Då freden kom, blei det slutt med heimavla tobakk.

# Straumsnes - gard og skule

Tor O. Sanden

Under fjelldraget frå den dyrka jorda på Roholt (no Østgarden) og tvertover til indste bukta av Eidsto-pølen stikk det ut einbreid og lang odde eller nes, som i seinare tid er kalla Straumsnesmoen. I eldre tid var navnet Vebekkstomoen. Inders i bukta frå Eidsto var Vebekkstoi, der folk gjerne lagde tillands med pråmane sine. Straumsnes var ein sentral plass i bygda med dei største gardane og tettaste busettnaden rundt om. Kvar du kom frå var her lett å koma i land, og etter måten stutt veg opp til almannal vegen. I Vebekkstoi hev truleg vore ein gamal buplass, for her er funne ein spjotodd og restar av ei brynje. Nett her kjem ned ein liten bekkedal som heiter Spøkeri-dalen. Segna segjer at her var det ei ugift mor tok vesle barnet sitt av dage. So sumtid kunde ein høyre ynk og barnegråt her. Akkurat der som gamleveg frå Straumsnes kom inn til riksveg kunde ein titt sjå det lyste av St.hans-orm. Det var mange som såg det som noko mystisk, so det hjelte vel til at segna hev halde seg levande.

På ytterste neset frå Kråkenes-pølen og innover fekk Bernt Berntsen f. 1783 (Grotnes 16) rudningslende. Han var gift med Ragnhild Kjetilsdotter, f. 1783, i 1809. Dei kom frå Sanden med two born: Kjetil f. 1809 og Ingebjørg f. 1812. So det måtte vera 1813 dei kom til Straumsnes. Dei fekk 5 born til på Straumsnes. Sigrid f. 1815, Olav f. 1818, Hans f. 1821, Anne f. 1824 og Gunnar f. 1827. Bernt og Ragnhild hadde bygsel på livstid mot ymse ytingar bl.a. 14 dagar arbeid i slåttan for jorddrotten som då var Leiv Jonsson Roholt (1785-1840). Det gjeng fram av gamle notater at heile neset i 1810 var tilvakse med tett furuskog. Men Bernt hogg ned skogen på stykket sitt, braut opp noko jord og sette opp ei lita stoge. Denne husestaden låg noko lenger ned mot slusa enn noverande. Alt i 1664 finn ein Sveinung Anderson Straumsnes og i 1711 er Straumsnes blandt dei 8 som då var plassar. Straumsnes, Rui, Vesle Naper, Kleppe, Lauve, Straume, Sanden og Fossøy.

I 1836 gifter bror av Bernt, Kjetil f. 1809 seg med Bergit Knutsdotter f. 1805 (Såmundson 17) og kjem til Straumsnes som husfolk. Dei hadde ein gut frå før, Knut f. 1828 og har ein gut til dåpen same året dei gifte seg, Bernt f. 1836 og ein til, Endre f. 1841. Då er Kjetil oppført som husmann. Bernt døde 1843 og Ragnhild 1849, båe på Straumsnes. Etter mannen døde var det klart at den gamle enka ikkje kunne drive nokon jordveg, so det var duka for nye folk. Og no kjem spørsmålet opp om ikkje Straumsnes var laglegaste plassen som skulestad.

Det var umgangsskule i Vrådal på denne tid og i avsides stader var den varande lenge. I ytre Vrådal sist på Findreng og Steane. Det var svært få som kunne lesa og skrive i eldre tid. Fyrst då reformasjonen vart innført i 1737 kom organisera opplæring so smått igang. Ved komfirmasjonen kravdest eit minstemål av kristen kunnskap ellers "kom dei ikkje fram for presten". Dei fekk heller ikkje gifte seg uten å vera komfirmera. Det var prestane som styrde med opplæringa, men det var mange sjær i sjøen.

Tronge økonomiske kår gjorde at mange foreldre hadde vanskar med å skaffe sko og klær og nistemat til skuleborna. Sansen for nytten av bokleg lærdom var liten hjå mange. Dei ville heller ha borna til å arbeide heime. Den spreide busettnaden med lange, stygge ubrøyta vegar over bekkjer, is og vatn var ikkje for born. Det førde til at dei kom seint i skule og mykje skoft, so mange var 16-18 år før dei vart komfirmera. Bygdesogene har mange døme på langt eldre. Det var og stor mangel på lærarar, som og måtte ha opplæring.

Kviteseid hadde i lang tid hatt prestar som arbeide iherdig for betre skular og folkeopplysing. Etter formannskapslova kom i 1837 fekk mange augo opna for at skulle folk styre, måtte dei og tileigne seg meir kunnskap, so mange framsynte bønder kom med i arbeidet for betre skular. Desse vart og samde om at skulle ein få dette til, måtte ein få faste skular og bygdene inndela i krinsar.



"Slåball" i frikvarteret på Straumsnes ca 1935.  
Til høgre på bilete står lærar Olav Muren.

Eigaren av Roholt hadde dela garden mellom dei to sønene sine, Jon og Kristoffer og ein må rekne med at dei var sterke pådrivarar for å få skule i nærleiken. So på eit sammøte på Roholt 12.8.1847 vart Straumsnes utpeika til skulegard. Året etter vart Svein Gunnarson Lønnegrav tilsett "som kirkesanger og skoleholder", noko han var i 45 år. (1843-93). Svein f. 1824 (Lønnegrav 23) var gift med Siri Reiersdotter Lia, Nes jernverk f. 1823. Og no overtek dei Straumsnes. Det heiter i forpagningskontrakta at no når plassen gjekk over til skulegard skulle "kirkesangeren overtage plassen på de samme kondi-sjoner som enken Ragnhild Kittilsdatter", men i staden for pliktarbeid i slåttan skulle det vera ei årleg leige i pengar "som fastsettes av presten og medhjelperen hvert 5. år etter sjønn". Arealet var som før, frå innarste bukta av Eidstopølen ved Grønodde og tvertover neset til innarste Østgardsbukta, pålag 20 mål åkerland og slik har det vore sidan.



*Straumsnes ca 1935*

Svein hadde føreått tekje på seg å koste opp skulestoge med lærarbustad for 142 spesidaler som var samla inn. Tømmer og byggjetilfang skulle skaffast på plassen. Husa skulle vera brukbare 14.10.1848 og fullt ferdige s.d. året etter. Svein flytte inn 7.11. og byrja skulen der 9.11.48. Då husa var ferdige hadde han kosta dei 420 spesidaler. Det fekk han ikkje att, heiter det. Samtidig med husinga fekk han rydda og sett jordarealet i brukbar stand. Svein hadde stor huslyd. Han og Siri fekk 7 born, alle fødte på Straumsnes: Reinert f. 1849 (vart prest i Værøy og Veldre), Signe f. 1850, gift til Skedsmo, Karen Helene f. 1853, gift med Tarjei Hansen Nes. Busette seg på N. Kråkenes. Gunnar f. 1855 (Ståland, Kviteseid), Anne Kristine f. 1857 (g. t. Nissedal), Johan f. 1862. Budde på Refskil ei tid, vart lærar på Homme, Husa og rydda Bjørøy som pensjonist. Olaus f. 1865. Bustad i Eidsto, smed og postopnar m.m.

Tilhøva var nok nokså primitive på denne tid. Reinert har skrive noko frå tida kring 1860 som fortel om det. Januar 1861 heiter det: "Om ettermiddagen etter øktemat kl. 5 var vi samlet i den almindelige kjøkkenstue, hvor man kokte og stekte, leste og sang, dels ved lyset fra skorstenen, dels fra et par talglys på det store langbordet. Vi barna satt ved peisen hver med sin bok i hånden og skulle lese. Og når de voksne som gikk der ut og inn, bare holdt på med sitt arbejde og pratet om dagligdakse ting, leste vi også. Vi måtte lese høyt, ellers var det ikke mulig for å lære noe under den almindelige støy og samtale. Men så snart de voksne begyndte med sang og samtale om guds ord, eller lesning av en gudelig bok, da forstummet vi alle og hørte på dem." Det var vekkjingtider i Vrådal då.

I 1862 skriv han: "Det var langt å reise fra Vrådal til Skien i de dage. Først kjørte man over heien til Kviteseid. Derfra gikk det en liten dampbåt østover Kviteseidvannene. Kanalveien forbi Vrangfoss var ikke begynt enda, og så kjørte man de to mil til Ulefoss. Herfra tok man dampbåten på Nordsjø til gården Fjærestrand, en halv mil fra Skien. Det siste stykket skulle de igjen ta skyss."

Han fortel og at dette året fekk han si fyrste parafinlampe under sitt opphald i Skien.

"Ved den tid jeg begynte på skolen var vi blitt 4 søsken. Vi hadde også et par tjenestefolk nu, og gjerne et gammelt legdslem." Han skriv og at tømmeret tidt hopa seg opp der, so det kunde liggje i fleire lag i "Småstrømmen".

Som alt nevnt kunne mange elevar vera 16-18 år gamle og meir når dei gjekk ut av skulen, men i Vrådal var det ikkje ille slik. Men det var nok ikkje so lett å halde styr på slike "lange labanar" som dei vart kalla i opprørsalderen. Men som me veit var det stor respekt "for øvrigheten" i dei dagar og kroppsleg straff var nytta når det trongst. Dei nytta både linjalen, pekestokken, lugging, øyrefikar og neveslag. Av meir humane måtar var "å setje dei i skamkråa" eller "site att" når dei ikkje kunne leksa. For borni var vel det siste noko av det verste, for då fekk foreldra vite det og so var det oftast dobbel straff. Men kroppsleg straff minka av etter kvart og vart lite nytta i Vrådal på denne tid. Kunnskapsnivået låg heller høgt her, for ein kan sjå at prestane kyter av komfirmantane i Vrådal, jamvel før Sveins tid. Svein var ein kunnskapsrik mann, over gjennomssnittet for lærarane i den tid, og hadde respekt med seg so han hadde lett for å halde disiplin. Han var skulda for å vera vel streng og gjorde standskilnad, men det var han i sofall ikkje åleine om i den tid. Svein var ein kraftig kar og heller snøggsinna, so det kunde nok hende at elevane fekk so det sveid iblant.

Me tek med eit par soger om korleis det kunne vera i eldre tid. Det var eingong eit par av dei største gutane følte seg urettvist handsama og forbanna seg på at dette skulle Svein ha att. So vart dei samde om at dei sammen skulde gjeva han juling. Dei gjekk nedom løa og skreik og slost. (Det var avtala). Svein hørde straks livet, slik dei hadde rekna med og gjekk ned. Men nett i det dei skulde gyve på han, gadd dei ein kar frå andre sida kom gåande opp frå fjorden. Då våga dei ikkje. Truleg gjekk sinnet ut og vetet inn etterpå, for ein hørde ikkje meir om det. Men hadde ikkje den mannen kome akkurat då hadde han fenge juling, sa dei gamle.

Ein annan gong hadde "ein lang laban" gjort eit fantestykke og vart innkalla på kjøkenet til ein dugeleg reprimande. Men guten var oppsetsig og svara læraren, so han egga seg opp og gav guten ein dugeleg øyrefik. Siri sat ved sida og spann, men guten gjordest på seier dei og datt som ein fillesekk tvers over rokken hennes som fekk hard medfart.

I 1860 kom ny skulelov som opna for ein betre skule på mange område med ein større fagkrins. Hittil hadde det vore mest berre kristendomskunnskap med litt lesing og skrivning. Men no er det også stor interesse for skulen og skulespørsmål er rett som det er oppe i kommunestyret.

I 1861 vart det oppretta ny festekontrakt på Straumsnes som skulestad på 199 år. Ei uvanleg festetid som ein vel må sjå på som eit utslag av den store interesse som Roholtsbøndane har for å få skulen i nærleiken. Den store Roholtsgarden var no deila millom dei to Leivssønene Jon og Kristoffer. Men det kom ei hard kriseetid innover bygdene på denne tid som førde til at Jon strauk til Amerika og broren laut selje Vebekkstomoen og all sin skog mot Lønnegravsbytet til Cappelen i 1866. 20.1. same året er Skulekommisjonen ute med framlegg om å kaupa Straumsnes. Dei tenkte vel då å få eit større areal. Dei var vel for seint ute so dette og økonomien då gjorde vel at det vart ikkje noko av.

Etter lova skulde ein lærargard vera to kufor. Straumsnes oppfylte ikkje det kravet med den driftsmåten det då var. Det var for det meste turr, skinn sandjord som gav lite av seg til eng og beite. Alt 13.4.1863 hadde Svein festa Revskil av Steinar Kråkenes og dette festet vart fornya 24.6.1898 då Halvor Kråkenes hadde overtekte.

Son av Svein, Johan og kona Kari budde ei tid på Revskil og dei 4 borna dei-ra er fødte der 1887-94.

Johan var lærar på Homme og som pensjonist kaupte han Bjørøy og rydde og husa der.

10.3.1866 foreslår Svein at kommunen kauper Tangen som tilleggsgjord til Straumsnes. Det vart heller ikkje noko av. Fyrst i 1873 gjeng kommunen til innkaup av Lislekås som tillegg. Dei lange og dårlege vegane skapte store vanskar, ikkje minst for konfirmantundervisninga. I 1885 foreslår Vrådal sognestyre at det vert 8 gonger i Vrådal og 11 gonger på Søtflot. Det vart og hard strid om styringa. Vrådal og Brunke-berg sto fast på å få sine egne skulestyre. Noko dei omsider fekk gjennomslag for og som Vrådal hadde til nazistyre overtok. Den 18.12.1891 vart det vedtekte at Vrådal skulestyre skulde ha 4 medlemar. Ein komite hadde vore nedsett for å arbeide ut ei krinsinndeling for heile kommunen. Og den 4.9. dette året låg framlegget på bordet og gjekk ut på 4 krinsar i Vrådal. Dette vart vedtekte. Framlegget var soleis:

1. Heglands Krets omfattende gården Naper med Pladse på Vandets vestside fra og med Vråliosen til og med Hegland og Pladse på Vandets østside. 12 ugers Fellesundervisning, der holdes i fast Skolestue i Nærheden av Vrålistranden.

2. Homme og Lunden Krets, omfattende gården Ormtveit med Pladse fra Skipar på Vandets Østside og fra og med Pladsen Juve til og med Gården Skree med Pladse, med 12 ugers Undervisning i første og 12 uger i anden Afdeling. Skolestedet på Homme og Lunden, således at Skolestedet fordeles på disse Steder til enhver tid i Forhold til Barnetalet på Vandets Øst og Vestside. En stemte for Skolested på Odden istedet for Lunden.

3. Sinnes Krets omfatter Gårdene Sinnes til og med Kåsen på Vandets Østside, fra og med Pladsen Midtbø, til og med Pladsen Follegdalen på Vandets Vestside. Skolested i Kirkestuen eller leiet lokale på Sinnes. Fellesundervisning i 9 uger, videre tildeling i denne Krets skal have anledning til å søge skolen på Strømsnes.

4. Strømsnæs Krets indbefatter resten av nedre Vrådal med skolested på Strømsnæs, 12 ugers Undervisning i første, 16 uger i anden Afdeling, dog således, at det i sistnævnte Afdeling tillagte 16 uger skal 4 uger anvendes til Ekstra Skole på Steane og Findreng med Pladser, der er at betrakte som ens- ligt beliggende Bosteder.

Seinare vart det omregulering, idet Vråliosen vart skulestad, Homme og Lunden vart egne krinsar og Skree og Lislekås kom til. So det vart ialt 7 krinsar i Vrådal til ut i krigsåra. Men mot slutten av hundreåret kom og spørsmålet om framhaldskular opp, både i praktisk og teoretisk leid.

I 1891 ser ein at Petter Ormtveit søker om tilskot til å halde skomakarskule i Vrådal, men får avslag, då dei ikkje ser seg å ha råd til det på dåverande tidspunkt. Men seinare kjem slike vinterkurs igang av ymse slag etter som interessa er. Men det synest som trongen er størst for vidaregåande teoretisk undervisning.

Husa på Straumsnes hadde no blitt både små og dårlege etter dagens krav. I 1891 søker Svein om å få rive det gamle fjøset, noko som vert samrøystes innvilga og han får det gamle til ved vederlagsfritt, heiter det. Det gamle skulehuset vart rive og tømra oppsett til våningshus på Briskelid. Torgeir Sanden tømra det opp att..

I 1892 må dei til med bygging av nye skulehus med lærarbustad både på Lunden og Straumsnes og skulestyret søker om størst mogeleg tilskot. Dei held fram at Vrådal aldri hev fenge noko tilskot, men sognet hev hittil kosta alt.

Etter oppmoding frå skulestyret valde so Vrådal sognestyre byggenevnd "i anledning opførelse av skulehus i Vrådal", Tor Wrå, Leif Roholt og Tarjei Strand. Samtidig var det søknad om tilskot til "Klokkergården Strømsnes, efter rids og beregning kr. 3.223,85. Den 5.2 same året vart det bede om å "bevilge kr. 69,90 til ubemidlede børns beklædning". So då var verkeleg pengane noko verde.

So var skulehuset byggt med 2 klasserom med dør millom i eine og gang, kjøkken og to rom i andre enden til lærarbustad. Dessutan høve til fleire rom i det 1 1/2 høgds huset. Det stend enno, men er bordkledd, påbygd og vølt mange gonger. Som me alt har nevnt fekk Svein løyve til å rive det gamle fjøset i 1891, men alt året før hadde Vrådal skulekommisjon søkt om kr. 120,- som tilskot til byggjing av nytt fjøs. Dei fekk det svaret "at under henvisning til lov af 26.6.89 paragraf 24, 5te passus, hvorefter de til skolejord eller klokkergård fornødne udhuse anskaffes av herredet." Sikkert ei gladmelding for skulestyret.

Det fyrste posthuset i Vrådal starta opp her på Straumsnes i 1869 og Svein vart poststyrar til han slutta i 1905. Han slutta som lærar i 1893 og søkte då om å få flytte posthuset til Eidsto, noko som samrøystes vart tilrådd. Det var ikkje stor postmengda dengongen. Heile inventaret som trongst var eit lite skrin med eit rom for brev og ein skuff til pengar. Sigmund Straumsnes som heldt fram i besetefar og fars spor har tekje vare på det. Det var postberarar då, som fekk utlevera posthorn som dei bles i når dei kom med posten.

Svein var i denne tida telefonstyrar då telefonen kom til bygdene her omkring mot slutten av hundreåret. Det var vekkjingstider i bygda kring 1860 og framover. Svein byrja med sundagskule når det ikkje var messe og starta opp misjonsforrening. Svein var ein aktiv mann med stor arbeidskraft. Gjennom ein mannsalder hadde han vore mellom dei som var "pott og panne" i bygda og som folk hadde tillit til. I denne tid og lenge framover var lærarane viktige krumtappar i bygdekulturliv på bygdene. Han slutta fyrst som telefon- og poststyrar då han var 78 år, so det var ikkje rart han i all omtale vart heitande "Gamle Svein". Han busette seg i Eidstodå han slutta som lærar og døyde der i 1913. Kona, Siri døyde mange år før, på Straumsnes i 1889.

Ein kan vel seie at no kom ei tid med meir skiftande tilhøve på Straumsnes, både på gard og skule.

Andres N. Rydland kom no som lærar og klokkar 1893-1898.

Deretter Anders Lesland 1898-1900, og endeleg ein som vert verande nokre år, Eivind Jensen 1900-1911.

Alle desse var og klokkarar og dreiv garden, men det vart so som so med alle desse skifta og sjølv sagt gjekk det attende med drifta den siste tida Svein var der og. So no var det til vakse med villgras og småbusk mange stader. Eivind Jensen var vikar for Rydland eit år, men hadde sjølv vikar eit år 1907/08. Dei leigde og bort husvære. Aslak Nordskog og kona Ingebjørg budde der fyrste året dei var gifte og fekk eit barn der, Olav f. 1911. Likeeins Maren og Olav Sinnes.

Forsamlingshus fannst ikkje i bygda, men etterkvart som det kom skikkelege skulehus vart dei flittig bruka både til det eine og det andre. So Straumsnes var straks som eit kultursentrum i bygda. Mange lag av ymse slag vart starta opp kring århundredskiftet og framover, so trongen etter møterom var stor. So her vart det lagsmøte av ymse slag, foredrag, politiske møte, basarar, kommune- og stortingsval, joletrefestar og andre festtilstellingar. Fyrste og syttande mai, framhaldsskule og handverkskurs m.m.

Det vart Olav Nikolai Andersson Muren frå Sande på Sunnmøre som no kom som lærar på Straumsnes. Og med han kom ein lang og stabil periode både for gard og skule, då han vart verande her frå han kom i 1911 og til han slutta i 1953. Han var født i 1885 og gifte seg her i 1914 med Aasne Halvorsdotter Lønnegrav f. 1886 (Hustveit 147). Dei fekk 6 born, alle fødte på Straumsnes: Malmfrid Elisabet f. 1915, Alvild Oline f. 1916, Solveig f. 1918, Halvor f. 1920, Anders f. 1923 og Randi f. 1925.

Muren var ein energisk og flink kar som snart fekk snudd den noko vann-drivne jorda og synte seg straks som ein rett dyktig gardbrukar og. Han fekk lagt att til kunsteng og bruka kunstgjødsel. Med vekselbruk med korn og mykje poteter fekk han store avlingar, so han fødde tre kyr. Han ala fram høgtytande kyr og skapte om Straumsnes til ein mønstergard som var ein pryd for bygdi.

Straumsnes låg fint til med fin natur omkring so han lika seg der og sa då han slutta at det var landets finaste klokkargard. Det var nok flesteparten samde i då.

Ny uthusbygning var byggt i 1917. Lislekås trongst ikkje lenger som tillegg-sjord, men var bortleigd 1914/15 som lærarjord til Lislekås skule som då hadde kome igang 1911/12.

I 1912-14 var det stort anleggsarbeid igang med bygging av sluse og bruer over til "vestsida". Men bortsett frå stor transport og gjennomgangstrafikk i anleggstida kom Straumsnes so og seie skadelaus frå det, og var no endå meir sentralt. Det var mest samla skule den tid Muren kom hit med skule annan kvar dag. Ein dag på Straumsnes og neste dag i samla skule i Kyrkjestova på Sanden, dit han gjekk eller sykla. Det vart to-deling etter-kvart, storskule og småskule som folk sa. Eit stort framsteg var det då yttar-ste delen i bygda vart skildt frå til Lislekås krins. Fyrste læraren der var Knut Nordstoga frå Vinje som var der i to år.

Ellers kan ein vel seie at styremaktene arbeide iherdig med skulespørsmål i denne tida og nye føresegner kom rett som det var. Men alt var ikkje so lett å få ut i praksis, men smått og sikkert gjekk det framover. Men den økonomis-ke krisa 1920-35 kom som ein stor bremsekloss, ikkje minst i Kviteseid. So kom nokre gode år fram til krigen kom med stillstand og spetakkel. Sist i april 1940 vart Straumsnes skule, kyrkja og fleire meir offentlege hus inntekne av tyske troppar som kom for å få has på den norske styrken som hadde samla seg i Vinjesvingen. Det var no ikkje so lenge det sto på. Men i 1942 skjerpa det seg til. Me fekk aksjonen mot lærarane som skulle tvingast inn i lærarsambandet og so utskrivninga av "rekruttar" til samfunnsteneste. Muren vart tidleg utpeika som ein av leiarane i motstandsrørsla her av nasistane i bygda. Det førte til at han måtte gå i dekning saman med "skoggutane" våren 1944. Om hausten måtte han og sonen Anders røme over til Sverige. Der var han til han kom heim att i mai 1945. Det var ein fin maidag han skul-le kome og ein god del bygdefolk samla seg i Eidsto for å hylle og helse han velkomen. Eg hugsar vel so godt og festleg det var når han og kona kom køyrande i trille og stoppa i sentrum. John G. Steane heldt ei lita tale og me

følte vel alle at no heldt bygda på å kome i sitt rette gjenge etter ei vond og vanskeleg tid.

17. mai straks etterpå flaug det norske flagget atter til topps på Straumsnes og dit kom alle som kunne kripe å gå som det heiter. Det er snaut der har vore samla so mykje folk før. Emil Birkeli heldt ein glimrande tale og jubel og glede fylte dagen so det gløymer ingen som var med.

Det året Muren var i Sverige var det ikkje skule på Straumsnes. Lærarposten vart stilltiande sabotera av lærarane og elevane overførde til Lislekås skule. Etter frigjeringa kom alt i gjenge utruleg fort. Men dei vonde åra med still-stand, rot og uvisse gjorde at det var mykje å take att på alle umkverve. Spørsmålet om ein betre skule med klassedeling og utvida skuletid var stadig på tapetet. Men då trongst betre skulehus, fleire lærarar m.m. Busetnaden hadde og endra seg. Avsides stader vart avfolka og meir bygging i sentrums-trok høyrde til dagens orden. Men sentralisering av skulen var over alt eit stridsspørsmål som krinsane kjemmpa i mot med nebb og klør til det var att so få barn at det stoppa opp av seg sjølv. Vrådal med busetnad stort sett langs vatnet utan nemnande sidedalar og få avsides bustader låg i grunnen lagleg til for samanslåing. Men det var mangt som tala i mot også. Skulekøyninga var dyr og lang, til dels dårlege vegar var ikkje noko å trakte etter. Og nedleggjing av arbeidsplassar og kanskje heile grannelag var skræ-mande. Men utviklinga syntest å peike mot berre to skulestader i Vrådal. Vråliosen i øvre og Straumsnes i ytre Vrådal. So no kom spørs-målet straks opp om å byggje eit nytt og tidhøveleg skulehus på Straumsnes, istaden for utviding og vøling av det gamle. Det gamle var 60 år og leid av manglande vedlikehald og store skavankar med mur og kjellar.

I 1948 var det 100 år sidan den fyrste faste skulen i Vrådal starta opp og det vart skipa til ein gild jubileumsfest. Mykje bygdefolk og tilreisande var sam-la og det var festleg servering, taler og avduking av bilete av dei tre fyrste lærarane (Gamle Svein, Rydland og Svendsen), måla av Solveig Muren Sanden. Same året vedtok Kviteseid heradstyre med 18 mot 3 stemmer å byggje nytt skulehus på Straumsnes. Det sto då som nr. 3 på prioritetslista. Men i Morgedal og Brunkeberg rasa striden og kommunestyret skuva van-skane føre seg so det drog ut. I Vrådal vart vald byggjenemnd, som besto av Olav T. Nordbø, Olav T. Strand, Gunnar Aasheim og Olav Muren. Dei søkte straks om å få arkitekt hjelp, men fekk ikkje noko svar. 29.11.54 sender krin-sen eit kraftig protestskriv mot å koste på det gamle skulehuset og visar til det som er vedtekje i 1948. Det resulterar berre i at arbeid med ny pipe og vøling og utbetring av mur og kjellarrom vert sette igang 1954-56.

For so vidt ei lagleg tid for bygging og omvølingar for læraren som overtok no var Steinar K. Kvåle frå Høydalsmo. Han var ungkar då og trong ikkje so stort rommet. Han gifte seg seinare med Aasne Haraldsdotter Smeland f. 1916 frå Kviteseid (Uppsund 85). Han flytte då inn i lærarbustaden og dreiv garden som då gjekk over til eit husdyrlaust bruk som no etterkvart vart det vanlege i heile bygda. Dei nye lærarane som kom no ville heller ikkje ha klokkeposten, so den gamle ordninga vart slutt og mykje nytt var no i emning. Den gamle ro og tryggleik vart liksom borte. Spesialisering og effektivitet var slagordet. Den niårige skulen skulle innførast og med den mange vanskar som måtte løysast. Mange såg det slik at ein lærargard med kyr, kalv, gris og høns var eit aktivum for bygda. Borni fekk på den måten ein mjuk overgang frå heim til skule og var intressant og lærerikt både for lærar og elev. I dei små krinsane vart læraren kjend med born og foreldre og fekk ein god bakgrunn for å forstå og døme den enkelte på rette måten. Då kom dei og gjerne til å kjenne seg som eit medlem av krinsen og tok del i bygdelivet og ofte gav kveik og impulsar som t.d. Muren som i nærare 40 år dreiv eit songkor. Mange nye spesialistar hadde ikkje interesse for slikt, var gjerne berre kort tid og var som framanelement i bygda.

Straks etter dei fyrste vølingane var sett igang med tilbygg, nytt tak og ei omfattande utbetring og ombygging av den gamle bygningen. Det var byggmeister Gjelstad som hadde arbeidet. Det trongst no rom til husstellundervisning og kroppsoving. Det var no stor trong for møterom i bygda og ein festsal var laga til i kjellaren under skulesalane, mest på dugnad. Det høyrdest so billeg og greidt ut å slå saman krinsar for å spare. Men skulehusa var no bygde med tanke på krinsen. Alt i 1948 vart Homme nedlagt og overført til Sinnes. Skree krins vart overført til Straumsnes i 1959. Og no stod Sinnes og Lislekås for tur. Straumsnes hadde ikkje magemål til å sluke 3-4 krinsar til. Dertil kom nye fag og krav inn i biletet. Det var ikkje anna å gjera enn å bite i det sure eplet, å gå til nybygg av skule.

Lislekås var tillagt i 1962. Framhaldskulen var avskaffa. Det hadde i grunnen vore gode skular, men då det ikkje var plikt nådde den langt frå alle. Den niårige skulen skulle no gjennomførast. Vest-Telemark kommunane var ikkje so budde på det, dåvist ikkje Kviteseid. Det vart ymse ordningar i samarbeid med Kvitsund frå 1956 til 1975 då Kviteseid fekk sin eigen ungdomsskule på Flatland med skulemønster 6+3. Det vart no fleire lærarar på kvar skule, so der var tilsett styrarar (på Straumsnes i 1963) med skuleinspektør, seinare kalla skulesjef på toppen frå 1951.

Det vart ogso store endringar på skulegarden. I 1970 fekk Vrådal vassverk for sentrumsområdet, og inntak med pumpehus var lagt ned ved strandi på Straaumsnes.

Då staten byrja med løyvingar til samfunnshus fengde desse tankane i Vrådal og. Frå omkring 1950 vart det arbeidt ivrig med dette, men det var vanskeleg å få tomt og pengar nok var mangelvare. Men ved samarbeid med skulen, vart Vrådal grendehus byggt innåt det nye skulehuset med storstila dugnadsinnsats i 1975/76.

Etterkvart er det foretekje omvølingar og stelt til lærarrom på "gamleskulen", men styrarane har ikkje budd der og fleir og fleir får seg sitt eige hus når dei vert fast tilsette. Men i den siste tida har barnehagar og førskule kome sterkt i "frågan", so i 1990 vart det byggt eit tilbygg i enden av huset til bruk for barnehage som då hadde tekje til ei tid.

Men Straumsnes som gardsbruk var no "en saga blott", berre "sjeklane" var att. Storparten var tekje til leike- og parkeringsplassar og tun med breie og lite avgrensa vegar hit og dit so idyllen var det lite att av.

Steinar Kvåle vart den siste læraren etter det gamle mønsteret. Både han og kona var roffeste i den gode, gamle bygdekulturen og gleid naturleg inn i bygdelivet her. Han var roleg og logn som lærar og elevane lika han. Sume sa han var i snildaste laget. Han hadde gode kunskapar og dertil kom at han var uvanleg flink med hendene. Han bygde pramar og var ein god snikkar. Ellers var det no vanleg meining på bygdane at lærarane var nokre "trenevar", dertil dovne og lite skikka i praktisk arbeid. Eg hugsar frå den tida sløyd vart innført i skulen og ein slik "treneve" skulle stå for dette i ein krins. Dei fortalde dette til ein eldre mann. Då kvakk han til og so kom det: "Jøss, det trengst no vel ikkje å lære ungdomen unoter".

Det var ikkje snakk om anna før enn at borna gjekk til skulen. Då var det viktig å gjere vegen kortast råd, so det var to vegar ned til Straumsnes. Ein for dei som kom nordantil og ein for dei som kom sunnantil. Desse vart no nedlagde og ein bein og breid bilveg byggt i mellom med ljosløype ved sida. Utviklinga som kom hadde ikkje tankar på anten værslag, venleik eller land-skapsvern. Skogen vart nedhoggen og stormaskiner sette inn fleire gonger til opparbeiding av stor sportsplass, so høge og stygge skrentar kom istaden for den fine strandlina.

# Oskoreia

John Skarprud



M.B.Landstad fortel at Guro Rysserova, med det ridande fylgjet sitt, gjesta fleire gonger garden Skarprud. For lenge sidan tok ho ein gut med seg. Han kom til hest, og måtte i flygande fart av stad med dei i lufta. Han fekk ikkje ord for seg.

Det bar over åsen om Roeid og ned mot Sundkilen. Men då guten såg at ferda stemnde mot vatnet, blei han reint fælen og ropa: "Jesu namn, skal me over vatnet då!" Då kasta dei han av. Dei var komne langt ut på vatnet, og guten fall ned på Syftestad. Namnet Syftestad, seier Landstad, kjem av syfte, heise, kaste i veret.

Sidan budde det ein mann på Skarprud som heitte Steinar Åmundson. Han såg oskoreia ein jolefta. Dei synest å koma ut frå det fjellet som er austafør garden, og stansa nede på jordet. Der var ei stor vakker slette, og der sala dei av hestane og tok til å danse og heldt seg lystige.

Guro var med dei fyrste i dansen, og Steinar tykte ho såg ut som den venaste jente han nokon gong hadde sett, men stor og drusteleg var ho. Som ho svinga seg lystig i dansen, kom rova til syne. "Gøym rova di, Guro!" ropa Steinar. Med det same for dei av stad i lufta med uhorveleg bråk. Steinar syntest dei for bort i eit berg som heiter Svarthyl, og vekk var dei.

# Under Sundalsfjellet

Trygve Naper

*Eg gjekk meg opp under Sundalsfjellet  
ein vakker vårdag, så glad og yr.  
Der blømer frodig i bakkehellet  
eit sant og levande eventyr.*

*Der gror bregner av mange slagar.  
Der blømer tyve på naki grein.  
Eg byter ikkje i park og hagar  
her eg har sessa meg på ein stein.*

*Tidt gjekk her ras frå den bratte veggen  
av is og stein i ein vårleg strid.  
Så mangt eit stor-tre har ær i leggen  
av is- og stein-sprang frå gammal tid.*

*Nå sildrar vatnet frå løynde kjelder  
og perlar fram i den klåre dag.  
Og moseteppa på stein og heller  
gjev alt eit lunt og forsona drag.*

*Men opp or mosen, på berg og setar,  
i bratte-heng ved ein sildrebekk  
veks ørsmå blomar med vakre letar  
og pryder fjellveggen flekk i flekk.*

*Med kvite klokke står små konvallar.  
Dei tonar vart - med ein vårleg lengt.  
Det er som opnar det seg portalar  
til rom som før tyktest låst og stengt.*

*Det sprett og blømer i alle sprekkar,  
kring morkna stubbar og nedfalls-tre.  
Og glade fuglar på reira hekkar.  
Alt andar hugnad og ro og fred.*

*Det er eit under at harde strider  
som lagar steinsprang og djupe sår,  
kan byggje vokstergrunn for dei tider  
som blømer fram i ein frodig vår.*

# Fossøy, attlagd plass i Vrådal

Tor O. Sanden

Straks nedanfor Småstraumane ligg denne øya berre skilt frå fastlandet: Vetterøyodden tilhøyrande Refskil med eit langt og smalt sund: Svartsundet. Det er nok Fossen som er årsak til navnet. I sør eit smalt sund mot hovudbølet Øy og endå mindre mot Bjørøy, der ein sumtid kunde gå tørrskodd over. Desse ringar inn Eidstopølen. Tilsaman er det ein 15-16 øyar og holmar i ein krins i dette "øyriket" i øvre luten av Nisser. I gamal tid hev det nok vore ein eigendom: Øyane. Fossøy er ei nokso stor skogøy og den dyrka jorda låg i søraustre enden og gjekk tverover øya til vatnet på både sider. Husa låg midt oppe på høgdedraget med omkring 20 mål dyrka jord rundt om. Ei skarve løe stend att enno, men våningen er borte forlengst. Det er ein fin buplass og der hev nok vore busetnad frå omlag 1700. I 1711 er Fossøy nevnd som ein av dei 8 plassane som då var i Vrådal. Ein del fornfunn er her og sjeldne planter finns her. Hit kom som brukarar ved det leite dei gifte seg i 1762: Olav Tarjeisen Fossøy f. 1732 (Fossøy 6) gift med Liv Jensdotter (Roholt 150) f. 1732. Dei hadde 5 born som alle vart fødte på Fossøy. Sigrid f. 1763, Tarjer f. 1766 (døyde på Fossøy i 1793), Signe f. 1768, Tone f. 1771 og Sigrid f. 1777.

Olav døyde på Fossøy i 1795 og Liv i 1804. Far til Liv kom til dotter si på sine gamle dagar som enkemann: Det var Jens Huskuldson Juve f. 1703 og døyde 1773 (Roholt 4). Olav Tarjei-sen kom frå Nordbø, der bestefaren Anbjørn Olavsson gift med Signe Gunnsteinson og eldste dotter deira Tarjer var oppsitarar frå 1712 til dei døyde kring 1760.

Det er elles mykje flyting og skyldskap både på eigar- og brukarsida som gjer seg gjeldande i denne øvkrinsen.

Orm Tarjeisen f. 1736 (Fossøy 7) gift 1. gong i 1778 med Gunvor Olavsdotter (Hurrung 51) f. 1745 kom til Fossøy og det fyrste barnet deira Tarjei kom til der i 1779. Men neste år flyter dei til Vrå og får sitt andre barn der i 1782, men det døyde i 1786. Men no flyter dei attende til Fossøy og får sitt tredje og siste barn Olav i 1786. Men no flyter dei til Krintolen der Gunnvor dør i 1787. Han gifter seg to gonger til og døyr på Follegdalen i 1816.

Tarjer Olavsdotter (Fossøy 13) f. 1766 vart gift i 1794 med Eivind Tarjeisen Roholt f. 1758. (Dei hadde ialt 7 born, 1 død). Dei kom frå Midtbø med tre born: Tarjei f. 1794, Liv f. 1797 og Olav f. 1799. Dei fekk tre til på Fossøy:

Jørund f. 1802, kom til Nissedal og g. i 1836 med Else Olavsdotter Fjone (Berge v/Borstad). Mikkell f. 1805 og Jens f. 1808. Tarjei døyde på Fossøy i 1836 og Tarjer i 1838.

Av folketeljinga 1801 ser me at Olav Tarjeisen og Liv hadde stedsmaal på livstid. Liv som då er enke er skriven som huskone med jord og hev den ugifte og vanføre dotteri Tone med seg. Og Eivind Tarjeisen er oppført som lutbrukar for sin svigermor.

Det er Mikkell Eivindson f. 1805 (Fossøy 21) som overtek. Han gifte seg i 1836 med Rannei Aslaksdotter f. 1811 frå Grovum i Nissedal. Dei hadde 9 born, men 3 døyde. Alle borni fødte på Fossøy, so nær som den siste. Liv f. 1837, Tarjer f. 1842, Eivind f. 1845, Aslak f. 1849 (til USA) og Gunhild f. 1851. Deretter flytte dei frå Fossøy til Stallane, der yngste barnet deira Signe var født i 1855. Mikkell døyde der i 1868.

Men det er trøgt om husvære i denne tida og mest alle stader er det inderstar eller husfolk. Mange, særleg unge og nygifte er ille ute og pendlar att og fram og mange reiser til Amerika. Gunnar (Jonsen f. 1813 av Nesfolka?) kom frå Nissedal i 1838 med kona Gunnhild. Dei fekk ei dotter her på Fossøy i 1840, Gunhild Gunnarsdotter som vart gift i 1870 med Gjermund Olavsson Kosi f. 1845 (Gjermund 113). Dei vart buande på Kosi. Han var kyrkjetenar i Vrådal.

Gudmund Halvorsen Bandaksøy f. 1822 (Skarprud 110) gift 1. gong i 1847 med Sigrid Tarjeisdotter f. 1826 (Skarprud 56). Ho døyde på Heia i 1851. Han gifte seg 2. gong med Gunhild Tjostovsdotter Horgeviki f. 1828 frå Nissedal. (I Kviteseid bygde-soge stend Hardevegen=Horgevigen). Han kom til Fossøy ved det leite han gifte seg 2. gong med dei to borna frå 1. ekte-skap, Hæge f. 1847 på Åbø og Tarjei f. 1851 på Heia. Dei fekk to born med dei var på Fossøy, Sigrid f. 1853 og Margrete f. 1855. Då flytte dei straks til Steane og fekk eit born der, Tjostolv f. 1857. So var det attende til Heia, for so å utvandre til Amerika i 1859. Syskina hennar strauk og til Amerika. Kjetil Tarjeisen Rollevistad f. 1824 (Rollevistad 15) gift 1. gong i 1854 med Aslaug Halvorsdottter f. 1825 (Skarprud 111) og fekk eit born, Anne f. 1854 frå Mogan. Dei fekk sitt andre born på Fossøy, Halvor f. 1856, men flytte året etter til Dårelaumpyri u/Kråkenes. Og no er husmannssoga og busetnaden på Fossøy slutt og den fine øya vert ei brikke i eit spel om arv og pengar med delvis vansjøsels og fjernstyring som resultat.

Det vart harde tider i denne tidbolken og eigaren av Øy kom i store økonomiske vanskar, so han laut selje ættegarden sin, men heldt att Krintolen (som bustad), Fossøy, Bjørøy og Venelidhei i 1860.

Det var Petter O. Bergland frå Fyresdal som kaupte Øy. Seinare kaupte han Eidstøi frå Roholt. Det er mykje handel og omskifte i denne tida, men det endar med at Fossøy havnar i Eidstøieigedom og sidan høyrte til denne ætta. Petter overlet til O. T. Gravir, Fjågesund, som overlet den att til son sin Torjus O. Gravir. Han selde den til Petter K. Gravir. Han fekk skjøte på Eidstøi etter far sin i 1920 og dreiv Fossøy og eit skogstykke frå Moen innåt. Petter var ein dyktig gardbrukar og fe-avlør. I 1923 hadde han den mest høgtmjølkande kua i landet og fekk både 1. premiar og andre påskyningar for feal. Han bruka Fossøy som kulturbeite og ferja dyra over. Han var ugift og budde saman med to systrar og dei stelte med dyr so lenge dei orka. Han planta og 200 frukttre og hadde største hagen i Vrådal på den tida. Men seinare hev øya lege i dødvatnet.

Den harde krisa kring 1930-åra med stor arbeidsløyse førde til at der vart stor rift etter jord til bureising etter oreigningslova kom. Eivind Skipar søkte då om bureising på Fossøy, men det enda med forlik i saka, so han fekk jord til eit tomtebruk ned ved strandi på Moenjordet som fekk navnet Bjørkheim.

At byråkratiet var levande og sendregtig ogso den tid vitnar eit brev, datera Fosøen juni 1771 frå Torer Gunsteensson til sin broder (må vera halvbror) på Onnestad i Treungen om.

Tore Gunsteinsson f. 1739 (Thoresen) var klokkar både i Vrådal, Brunkeberg og Treungen frå 1763 og degn frå 1782. Han budde på Straume i Vrådal, der klokkarane budde i lange tider.

I folketeljinga i 1769 er han oppført der som inderst, 30 år gamal. Men då han vart innsett som degn flytte han til Juvland u/Holtan og gifte seg året etter med Aslaug Hakesdotter (Finne 147). Han var sjukleg og døyde berre 50 år gamal.

Det var ikkje so lett å koma seg fram anten i bygda "eller over de høye fjelde" i gamle dagar og dei som hadde noko av jordiske gods streva for at det skulle bli i ætta. Det var difor mykje gifting mellom skyld med dei uheldige fylgjer det førde med seg. So det vart forbod for nærskyld å gifte seg med kvarandre. Då måtte dei allernådigst ha løyve av kongen. Det var sjølvsagt prestane som fekk med dette å gjera og mange av dei kunne vera både strenge og omstendelege so det tok tid, særleg når brudefolka var frå kvart sitt prestegjeld. Dette brevet frå Tore Gunsteinsson fortel om det. Det er adressera til Niels Halvorsson på Onnestad i Treungen. Han ville gifte seg med tremenninga sin Sigrid Nerisdatter Øy i Åmli.

*Kjereste broder (Han var halvbror)*

Da Eders broder Tron taledde til mig sist jeg var i Tveitsund om dette at I vilde nu hørnest for hr. Børresen lade Eder vie tenkte jeg siden Jørgen Haugstøl havde bestilt brudevielse for Eder av hr. Vindfeld at han havde båret frem attest for Eder fra hr. Huus i Omlie, men som hr. Vindfeld sier at han samme forglemt at spørge efter. Da vil jeg herved lade Eder vide, at jeg idag har fået sådan ordre fra hans Velerværdighed hr. Brochmand som også av ham er skrevet hr. Børresen tilat I slet ikke må vies førend I har hr. Huuses attest at frem-vise, altså må I se til at forsyne Eder med velbemeldte hr. Provsten Huuses attest og er best at I beder ham at den må være aaben og ikke forsegle at den kand vises frem for hr. Børresen, dette vil jeg herved give Eder i tide tilkjende at I kan være sikker på at det ikke skal gaa Eder som det gik Nils Øverland. I skal have hjertelig tak for Eders brøllupsbud, men beder derhos I have mig undskyldt såsom min leilighed umulig til-lader mig at komme, til slutning vil jeg ønske Eder med kjæreste megen både lykke og velsignelse av det høie at den store stiftere fremdeles vil lyksaliggjøre Eders foretagende og daglig overøse Eder med så mange velsignelser som Eders eget hjerte kand attræe og tilønske sig. Med flittig hilsen til broder og kjæreste og samtlige pårørende forbliver jeg stedse.

*Kjære broders  
Forbundne og skyldige tienere*

*Fosøen i Vrådal  
den 13. juni 1771  
i hast*

*Thore Gunsteensson*

På omslaget hev han skrive: "Ombeedes Madame Bech i Tveitsund vilde være så god å se dette befodret til sin Eiermand da han ellers ikke får vie for hr. Børresen denne gang."

Det ser no ut som han kunne spart seg for all omsuti, for hr. Huus i Åmli hev skrive attesten 21.11.1770. Den lyer: "Den velagte unge karl Niels Halvorsen Onestad af Treungen annex Hvidesøe præstegjæld angiver sig, at have befriet den ærlige pige Sigris Næresdatter Øy av Omlie sogn, begge af Christiansaands stift, men som er hinanden begge i tredie led beslegtede, og De til Deres forehavte ægteskab behøver kongelig dispensasjon, så meddeles dem dette, at de længe siden har været komfirmerede, og derpå antagen til Herrens bord.

*Omlie prestegård  
den 21. nov. 1770*

*Hvilket testerer  
C. A. Huus  
sogneprest til Omlie*

Kongebrevet er so utferda den 14.12.1770 med Christian den 7. sitt signet under og underskrive av to riksrådar, men dei fekk ikkje vige for utpå summeren 1771.

Hr. Børresen som her er nevnd var kapelan i Kviteseid preste-gjeld og budde på Nordbø i Vrådal, som var kapelanbustad på denne tid. Nissedal hørde til Kviteseid prestekall til 1810 og Brochmand var sokneprest. Madame Bech som er nevnd var kona til Valentin Bech eller Faltin Tveitsund som dei kalla han.

Faltin var ein vyrd og velståande mann. Han dreiv som ferjemann og dreiv gjestgjeveri og gav og pantelån til bøndane.

## På jakt for 100 år sidan

Karl Kviteseid

Eg har skote ein bjønn, og tatt to på revegift, så eg har sletta tre bjønner. Eg var 20 år den gongen eg skaut ein, det var i 1895. Det var fullt av bjønn i Kviteseid dengongen. Eg hadde 2-3 hestar, og køyrde post og varer over til Vrådal. Det var ikkje uvanleg at hesten stoppa og frøste i nasen, og gjekk eg fram, var det ikkje sjeldan eit bjønnespor. Det var nokså tidt.

Ein gong eg hadde køyrt posten over til Vrådal, trefte eg Gunnar Flatland der. Han sa: "Dersom du reiser opp i morgon, Karl, så trur eg du treffer to bjønner. Eg såg dei i går ved Ljosvatn, eg var ein tur opp i skogen min. Dei var på reise utyvi".

Eg reiste heimanfrå neste morgon for å få sjå bjønnan. Eg for forbi Skolåstaul, vidare oppover på høgdi. Eg reiste opp på ein ås, og kikka over Prestfjellet. Så vart eg var ein bjønn som gjekk nedpå mogen og åt blåber. Eg sprang tilbake ned ei steinrøys, der miste eg eine hælen på skoen min. Så tok eg retning utover til eg kom til ein liten tverrdal. Der såg eg bjønnen på andre sida av dalen. Eg la meg ned og skaut på ein 100 til 125 meter. Bjønnen hoppa til vørs, sette i eit stygt brøl, sveiv rundt fleire gonger og vilde liksom bite seg i sida. Så datt han daud omlag 50 meter nedanfor.

Det rare var, det var to bjønner Gunnar Flatland hadde sett. Og nå hørde eg noko som drog pusten så hardt, så vart eg var den andre bjønnen. Han stod med skallen bakom ein stein. Eg såg bare eine auga og litt av nasen på han. Eg syns det var så lite å sikte på. Eg gjekk over ein liten opning, og skaut på frihand. Med det same det small, reiste bjønnen seg på to med frambeina i været. Deretter forsvann han. Den fekk eg altså ikkje. Børja var litt sein å la, så eg fekk bare skjote eit skot.

Cappelen kjøpte skinnen av bjønnen eg skaut, og det ligg på golvet i Hollen hos Cappelen.

Bjønnen tok sju sauer av meg ein gong. Eg hadde 17 på beite, og fann bare att ti. Eg reiste opp og leita etter dei. Dei som ynskjer å frede bjønnen, skulle vore på plassen og sett der eg fann dei. Dei skulle sett korleis bjønnen hadde fare at sauene. Der låg blod og tarmar på ei vidde på eit halvt mål, der låg lange tarmar. Han hadde hogge hol i magen på dei, så tarmane var gått ut.

Det låg att ein sau på plassen, dei andre var vekk. Så for eg etter der tarmane var dregne av opp på ein ås. Der låg dei andre seks sauene nedgravne, med eit lite millomrom imillom. Bjørnen hadde fjerna lyng og mose, grave 6 hol og lagt ein i kvart hol, og lagt lyng og mose oppå att, så det var vranget å finne staden. Den eine sauene var nyleg daud, den låg aldeles varm, den var graven ned livans.

Eg la gift i den sauene som låg att på plassen. Eg skulle opp neste morgon for å sjå. Bjørnen hadde bore sauene i kjeften ein tre hundre meter, så hadde han blitt sjuk og kasta seg opp i ei bjørk, der det var rive av store kvistar. Han låg ende i nærleiken med forbeina over skallen, omtrent som han var i live. Eg gjekk fram med børsa i nevan til pipa stod i panna på han. Eg trong ikkje skjote.

Ein annan bjørn vart oppdaga av Karen Litveit då ho var oppi og plukka bær. Den låg daud på ein stad som heiter Rognlid, 400-500 meter frå der sauene låg. Lensmann Sandvik var med og såg på han. Eg kapp skallen av han, og tok han med heim, la han i ei kasse under buret. Det visa seg at det var kulehol midt under auga. Det var grodd fint att. Det var sikkert at dette var same bjørnen eg skaut på for nokre år i forvegen. Eg sikta dengongen noko langt framme på bjørnen. Skallen har eg hangans utanfor dynni mi her på Kviteseid.

Eg skulle eingong over til Vrådal med vare og post, og med skinn til Gustav Lønnegraff. Tidleg om morgonen, eg skulle nå båten i Vrådal, og den gjekk klokka åtte om morgon. Det var seint om høsten, det var litt sporsnø. Månelyst og fint var det, og eg stod utanfor dynni og stulla hestane. Så hørde eg rare lydar bortatte jordet. Der stod ei gamal badstoge, og der hadde eg hengt opp ein revaskrott på ein spiker. Det var klaka, eg fekk ikkje grava han ned. Eg fekk ein annan mann til å reise med hestane over til Vrådal, og reiste bort og kikka. Det hadde vore både rev og gaupe og slegest om skroten, og rive han ned. Så kom eg på spor etter gaupa, som eg såg var alvorleg sjuk, ho hadde kasta seg til sides. Eg fant ho daud utpå fjorden. Ho hadde drive frå land nedom garden her og heilt til Vigdeil-odden. Ei gaupe flyt med det lange håret. Reven, som gaupa hadde ete av, var fanga med gift, og ho hadde daua bare av den gifta som reven hadde ete.

Dagen etter kom naboen som bur på Sandvik og fortalde det hadde gått ei gaupe forbi ved Kauphamar om notti. Då var eg ikkje lenge, eg hadde ein revaskrott til på fjøsløftet. Eg hadde litt meir gift i han, og hengte den bort seint på kvelden. Dagen etterpå då eg kom bort, låg gaupa med alle fire føtene

i været. Gaupa hadde bare sleika på reveskroten, så den var like heil.

Det var to fine gauper. Skinna kaupte kammerherrinde Cappelen og gjorde til ein boa. Festa dei saman i hovuda, og hengte eit skinn på kvar side.

Eg har også vore mykje på rypejakt. Eg har ikkje skote så mykje ryper, men eg har bore mange tusen ryper på ryggen. Eg var med Cappelen på rypejakt på Nissedalsgheia i mange år. Ei gong var eg med kammerherren i 8 dagar for å prøveskjote eit terreng der. Me låg på ein liten staule som heitte Strandstaulen. Der var fullt av ryper. Me gjekk ikkje lenger enn 50 til 100 meter mellom kulla. Det vart mykje ryper, og det vart svært tungt å bera ned til vegen.

Elg kunne det hende det også blei av og til. Eg var heldig ein gong. Eg skaut to elgar på to skot, dei stod så og seie side ved side. Eg skaut fyrst på kyri på ein 150 meter, ho datt ikkje nettopp med det same. Dengongen hadde eg krag. Eg ladde att, så kom ein stor okse springande og tverrstansa innved kyra. Så skaut eg då på oksene. Eg veit ikkje lenger kven som datt fyrst, men der låg dei då, side ved side. Eg var heldig.

-----  
Karl Kviteseid forpakta Kviteseid gard for Cappelen. I august 1961 hadde han vitjing av Julius Grasåsen, som gjorde lydbandopptak med han. Jakthistoriane som er attgjevne over, er frå dette opptaken.

Red.

# Godt sagt

Tor O. Sanden

I gamle dagar var folk gode til å finne ord for sine tankar og kjennsler. Vera god til "å rø" eller "god på kjeften" sette folk høgt. Ein prest som ikkje var nokon talar "var ikkje noko tess" sa dei. Den gode talaren og skrønemakaren sette folk pris på. Dei gledde seg over velvalde ord som hjelpte til å forstå meir av dei ymse sider ved livet. Dei lærde av røynsle mange hadde gjort og lærde seg til å minnast ved ordtekje m.m. Dei samla på livsvisdom. I dag stend TV og platespelar på ein stor del av døgnet hjå mange, so dei til slutt ikkje anten høyrer eller ser, langt mindre minnast.

Det var ikkje psykologar eller krisehjelp heller då, so ein kvar måtte klare seg gjennom vanskane sjølv. Då var samtale og humoren til stor hjelp. Bak alvoret som dei ikkje var blinde for, blinka jamt ljøs og blå himmel. "So endå i den stund dei døyde på tunga vit og lögje låg" Som Vinje seier. I "skumringstimen" og dei lange vinterkveldar, i arbeidslag, i timmerkoia og på krambua kom fram mang ei gløse, so folk humra og lo i lange tider ettepå. Her kjem nokre døme.

-----  
Ein bonde kom køyrande i breidsleden sin og treffte på ein husmann som kom gåande. Han stoppa opp og dei prata saman. Hesten var av det bidske slaget og under samtalen kom han til å bite etter husmannen som sa "Er han mannevond denna hesten din?". Nei, sa bonden, det er bare at han toler ikkje fattigfolk." "Å nei, du veit alt fe er sin herre likt."

-----  
Det var på den tida då Skog og landarbeiderlaget vart skipa i Vrådal og bygdene rundt omkring. Bøndene sette seg sterkt i mot og tok i bruk alle midlar for å knekke organisasjonen, også religionen. Det var syndigt av arbeidarane å organisere seg. Ein av dei verste motstandarane kom inn eit ærend hos ein husmann i nærleiken og byrja straks i samtalen og kraune for den sønnelege utvikling i bygda. Til slutt sa han "Det er no mot bibelen au dette, for det stend uutrykkeleg. I tjenere var eders Herrer undergivne". (Peters 1. brev, 2. kapittel og 18. vers.) Men husmannen var ikkje tapt bak ei vogn som det heiter og velkjend i bibelboka var han og, so han svara på ståande fot. "Men har du ikkje lese det som stend i Jakobs brev (5. kap. og 4. vers). "Se, den løn i har forholdt arbeiderne som har skåret eders agre, den skriger, og høstfolkenes råb er komne ind for den Herre Sebaots Øren". Det er kanskje det som skjer no.

Det var rasjonering på mest all ting under siste krig og leverings- og oppgaveplikt for gardbrukarane for mjølk og landbruksvarer. So kjem ein gardbrukar inn på rasjoneringskontoret i Kviteseid. Der sit ei velvaksi dame med skikkelege "tuppeluppar" i ekspedisjonen. Ho var nasistisk og for nøye gjennom papira han kom med. Og so sa ho. "Den mjølkeoppgåva di kan ikkje vera rett. Eg forbi buskapen din som gjekk i havna igår og kyrne dine gjekk med store juver". "Ja, sa mannen, men det sit dei med store juver på forsyningskontoret og. Men dei mjølkar ikkje".

# Kviteseid Historielag 1985-1995

Olav Ibrekk

Nå, når Kviteseid Historielag har vore i aktivitet i 10 år, kan det vera nyttig å sjå attende på arbeidet som er gjort.

## Skipinga og leiinga av laget

Etter opptak av Arne Nordskog, blei det den 30. april 1985 halde eit møte på kommunehuset for å drøfte tanken om å få til eit historielag i bygda. Resultatet av møtet var at det blei nemnt opp eit arbeidsutval med Arne Nordskog som formann som fekk i oppgåve å gjera det som trongst for å skipa eit historielag.

Den 10. oktober same år blei det konstituerande møtet halde på kommunehuset. Her blei det vedtatt lover og arbeidsoppgåver for laget og valt styre, som fekk denne samansetnaden: Olav Ibrekk, leiar, Arne Nordskog, Torleiv Lid, Anne Roholdt og Torvild Dalen.

Føremålsparagrafen for laget blei slik: Kviteseid Historielag har til oppgåve å vekkje historisk interesse, auke og spreie kunnskap om Kviteseid gjennom tidene, verne om dei materielle kulturminna i kommunen og berge den munnlege tradisjonen som enno finst om liv og arbeid i eldre tider.

Laget sette seg desse arbeidsoppgåvene:

- Vera med å samle inn folkeminne, stadnamn og all slag tradisjon som knyter seg til ætt og heim og arbeidsliv.
- Samle inn or bøker og blad og frå arkiv slikt som har, eller som ein kan tenkja seg vil få, historisk eller kulturelt verd for folket i Kviteseid.
- Samarbeide med bygdesogenemnd og bygdetun-nemnd.
- Arbeide for at heimkunnskap og lokalhistorie får ein sterk plass i skulen, og at lærarane for praktisk rettleiing i faget.
- Skipa til møte om lokalhistoriske emne.

I 10-års perioden har desse vore leiarar i styret:

|                  |             |
|------------------|-------------|
| Olav Ibrekk      | 1985 - 1990 |
| Torjus Fjågesund | 1990 - 1991 |
| Steinar Berge    | 1991 -      |

Andre medlemer av styret:

|                  |             |
|------------------|-------------|
| Arne Nordskog    | 1985 - 1992 |
| Torleiv Lid      | 1985 - 1989 |
| Anne Roholdt     | 1985 - 1986 |
| Torvild Dalen    | 1985 -      |
| Tarald Lie d.e.  | 1986 -      |
| Steinar Berge    | 1990 -      |
| Torjus Fjågesund | 1990 -      |
| Gunnar Ruud      | 1992 -      |

## Arbeidet i laget i dei 10 åra

Alt frå starten av laget var det tanken å få gitt ut årbok. I styremøte 12. desember 1985 blei det oppnemnt eit skriftstyre. Dette fekk i oppgåve å ordne med eit årleg skrift. Personane i skriftstyret var Tor J. Skarprud, leiar, Arne Nordskog og Harald Oppebøen. Skriftet fekk namnet "Gamalt frå Kviteseid", og første heftet kom ut hausten 1986. Seinare er det kome eit nytt hefte til kvart år.

Det same skriftstyret var i arbeid heilt fram til 1992. Frå den tid er det styret for historielaget som også har fungert som skriftstyre.

For eit nystarta historielag er det oftast eit stort økonomisk problem å få trykt første årgangen av ei årbok. Kviteseid Historielag fekk her uventa og stor hjelp ved at ein redaksjonskomite som bestod av Bjørg Gåsdaalen, Torleiv Lid, Leiv Mandt, Arne Nordskog, John Skarprud, Eivind Strondi og Signe Waldenstrøm i 1977 hadde gitt ut ei bok med tittelen "Kvandagsliv i dei dagar". Denne boka "selde godt", så det blei eit betydeleg økonomisk overskot. Av dette overskotet fekk historielaget kr. 10.000,- som gåve til å dekke trykningsutgifter ved starten av årboka. Det var dette, saman med eit tilskot på kr. 3.000,- frå kulturstyret, som gjorde det mogleg for historielaget å gå i gang med å gi ut årbok alt første året laget var i aktivitet.

Resten av det overskotet boka hadde skaffa, kr. 16.271,- gav den same redaksjonskomiteen til historielaget i 1989. Ei storslått gåve! Desse pengane skulle då nyttast til fylgjande føremål:

- Markering av gamle ferdselsveggar i kommunen.
- Vidareføring av innsamling og kopiering av gamle bilde.
- Innsamling og opptak på lydbånd av dialektar og gamle dialektuttrykk.

Innsamling, registrering og kopiering av gamle bilde frå folkeliv og arbeid i kommunen var elles ei oppgåve historielaget alltid hadde sett på som viktig. Innsamlingsarbeidet starta alt i 1987. Ved hjelp av kontaktpersonar i dei ymse grendene i kommunen fekk ein samla inn hundrevis av bilde som Harald Oppebøen registrerte og kopierte. Kulturstyret i kommunen løyvde i åra 1987 - 1989 i alt kr. 20.000,- til dekning av kopieringsutgiftene. Fram til 1995 var det registrert og kopiert ca. 600 bilde.

Utval av desse bildene blei utstilt på sommarmarken i 1987 og 1988, og på bygdedagen på bygdetunet i 1989. Det vekte så stor interesse, at det kom førespurnad frå Morgedal og Vrådal om å få utstilling av bilde frå dei stadene. Dette blei imøtekome med lokale utstillingar i desse bygdene hausten 1988.

I samband med at kulturstyret i kommunen overtok bygdetunet frå 1. januar 1988, blei det gamle bygdetunlaget og historielaget bedt om å nemne opp ei felles støttegruppe for bygdetunet. Støttegruppa skulle vera til hjelp for kulturstyret i saker som galdt bygdetunet. I fellesmøte mellom styret for historielaget og styret for bygdetunet den 4. mars 1988, blei følgjande personar oppnemnde som støttegruppe: Kristian Wraa, Haakon Tveiten, Harald Oppebøen, Tallev Moen, Tarald Lie d.e. og Olav Ibrenk. Støttegruppa valde Olav Ibrenk som formann.

Fram til 1992 var støttegruppa i aktivitet, men dette året fekk kulturstyret etablert ei utvida støttegruppe med basis i mange organisasjonar og lag. Dermed fall grunnlaget for historielagets støttegruppe bort, og gruppa blei difor nedlagt.

Årsmeldingane frå støttegruppa dei 4 åra gruppa var i funksjon, visar at i følgjande arbeidsoppgåver var det gjort ein innsats:

- Dugnad på bygdetunet, div arbeid, i alt 9 gonger
- Programinnslag kvart år på bygdetunet (historisk vandreveg, utstilling o.a.)

- Omvising på bygdetunet for skoleklasser og reiseselskap, i alt 8 gonger
- Ordne med hogst og hjelp ved transport og opplagring av kjempegrana frå Gotuholtsgogen som bygdetunet fekk av syskena Wraa i 1988
- Arbeid med plan for takoverbygg for kjempegrana

Utfert og rusleturar til interessante stader, er aktuelle tiltak for historielaget. Det same gjeld foredrag og orienteringar om spesielle historiske emne og hendingar. I 10-årsperioden har laget hatt følgjande arrangement av slik art:

- Mars 1986, foredrag av fylkeskonservator Halvor Landsverk: "Den gamle lafteteknikken - våre gamle stabbur og loft i Vest-Telemark".
- Juni 1987, rusletur til Tveitgrendi for å sjå på planter, geologi og gamle ting.
- Mars 1989, kåseri av skulesjef Kjell Åsen: "Gamle hendingar og personar knytta til Kviteseid".
- Juli 1989, utfert til Heggtveit, Tjønnsstaul, Golid og Mevastaul.
- Aug. 1989, utfert til Brakandalen og Systan
- April 1991, kåseri av Emanuel Riis: "Malmforekomstar, skjerp og gruvedrift i Kviteseid".
- Juli 1995, utfert til Kyrvestaul og Flekstveit.

Av anna frå historielagets aktivitet i desse åra kan nemnast programinnslag på bygdedagen 1989, med sketsj på gamal kviteseidialekt, skrive og arrangert av Torleiv Lid.

Det bør vel også nemnast at representantar frå historielaget var med i det laget frå Kviteseid som deltok i programserien "I manns minne" som NRK gjennomførte i radio og fjernsyn i 1993. Laget som bestod av personane Olav Ibrenk, Tarald Lie d.e. og Gunvor Mandt, kom heilt til landsfinalen i spørsmålskonkurransen, etter først å ha vunne fylkesfinalen for Telemark. Dei mange gongene laget var med i program i radioen og fjernsynet, hadde kanskje den virkning at namnet Kviteseid og Kviteseid Historielag blei meir kjent enn tidlegare.

Av arbeidsoppgåver historielaget i 10-årsperioden har påbyrja, men ikkje fullført, kan ein nemne:

- Registrering av gamle ferdselsveggar i kommunen
- Opptak på lydbånd samtaler med eldre folk i kommunen
- Innsamling av gamle ord og uttrykk

## 10-års register

Innhaldet i årsskriftet "Gamalt frå Kviteseid" nr. 1 - 10 (1986 - 1995) delt inn i fylgjande 6 grupper:

- Songar og andre dikt
- Omtale av personar
- Folk og samfunn
- Næringsliv
- Gardar, plassar og område
- Soger og segner

I fyrste kolonna i oppstillinga står namnet på artikkelen. I andre kolonna forfattaren, og tala heilt til høgre gjev opp årgangen og sidalet der ein finn artikkelen.

### Songar og andre dikt:

|                                 |                     |      |
|---------------------------------|---------------------|------|
| Kvitesidsongen                  | Johannes Skarprud   | 1/4  |
| Fedregarden                     | " "                 | 1/12 |
| Då eg var liten                 | " "                 | 1/17 |
| Den gamle selja                 | " "                 | 1/20 |
| Ved Vrådals gamle kyrkjegard    | Tor O. Sanden       | 1/28 |
| Den store salutten              | Torjus Fjågesund    | 1/33 |
| På heimslått                    | Johannes Skarprud   | 1/38 |
| Stølsjenta minnest              | Kristine Gjelstad   | 1/58 |
| I Lalar-li                      | Johannes Skarprud   | 2/5  |
| Dalanvisa                       | Aasmund Bjørnflaten | 2/22 |
| Farvel til Tjøninstaul          | Kristine Gjelstad   | 2/54 |
| Den gamle og nye Morgedalsvegen | Tallev Olson Lid    | 2/58 |
| Brunkebergsongen                | Sverre Fossjord     | 3/23 |
| Mitt liv                        | Sveinung Mostaul    | 3/53 |
| Stevleik                        | Tone Haugan         | 3/56 |
| Syng ut                         | Aslaug Vaa          | 4/55 |
| Den milde makt                  | Johannes Skarprud   | 5/35 |
| På ein nedlagt plass            | Trygve Naper        | 5/39 |
| Bygdi mi                        | Birgit Hemmestveit  | 6/24 |
| Båten                           | Tor J. Skarprud     | 6/44 |
| Jonsborgvisa                    | Halvor K. Sandland  | 6/59 |

|                               |                    |       |
|-------------------------------|--------------------|-------|
| Dala-visa og en oldings sang  | Tormod Borgejordet | 7/19  |
| Herr Knut Loupedalen          | Kjetil Hauglid     | 7/29  |
| Hr. Kjetil Hauglid            | Knut Loupedalen    | 7/30  |
| Smed Olav Halvorsen           | Kjetil Hauglid     | 7/31  |
| Auksjon før reisa til Amerika | Torjus Fjågesund   | 8/35  |
| Livet i skogen                | Sigurd Sommerfeldt | 9/23  |
| På attlagd plass              | Tor O. Sanden      | 9/33  |
| Den gamle apalen              | Trygve Naper       | 10/17 |
| Under Sundalsfjellet          | " "                | 10/43 |

#### Omtale av personar:

|                                    |                     |      |
|------------------------------------|---------------------|------|
| Knut Loupedalen                    | Torleiv Lid         | 1/6  |
| Høye Porsmyr                       | Olav Botnen         | 1/13 |
| Pastor Halvor Bjørnson Brekke      | Eivind Strondi      | 1/18 |
| Turid Fiskarbekk                   | Torjus Fjågesund    | 1/30 |
| Klokke-Johan, Marie og Josefine    | Arne Nordskog       | 1/39 |
| Ståltråd-Petter                    | " "                 | 1/39 |
| Rosemålar Jon Sørensen Sunde       | Tor J. Skarprud     | 1/56 |
| Stortjuven Halvor Gunneson         | Torjus Fjågesund    | 2/6  |
| Målaren Henrik Sørensen i Kvites.  | Arne Nordskog       | 2/21 |
| Olav Tjønnstaul - A.Kvålseth fort. | John Skarprud       | 2/34 |
| Anders Meinstad, bjørneskyttaren   | Johannes Skarprud   | 2/49 |
| Tommes Skotbakken og Asm. Uvyra    | Kjetil A. Flatin    | 3/46 |
| Asbjørn Berge                      | Johannes Skarprud   | 3/45 |
| Søren Breidalen                    | Harald Oppebøen     | 3/51 |
| Spelem./felemakaren frå Sandland   | Endre Sandland      | 3/14 |
| Halvor Bukkøy - 90 år              | Torbjörg Solberg    | 3/58 |
| Aslak Prest                        | Olav Lid            | 4/15 |
| Leiv Tysland                       | Aasmund Bjørnflaten | 4/29 |
| Björgulv Vassend                   | Torleiv Lid         | 4/47 |
| Gunnar Utsond, bilethoggaren       | John Skarprud       | 5/5  |
| Olaus Straumsnes i Amerika         | Sigmund Straumsnes  | 5/16 |
| Jon Hauge, kongepokalvinnar        | Torjus Loupedalen   | 5/43 |
| Knud Taraldsen                     | Tor J. Skarprud     | 6/5  |
| Gulmon Mylla                       | Trygve Naper        | 6/10 |
| Steinar Aase, kjempekaren          | Harald Oppebøen     | 6/40 |
| Store Steen                        | Arne Nordskog       | 6/43 |
| M.B.Landstad                       | Olav Botnen         | 7/14 |
| Menneske eg minnest                | Torjus Loupedalen   | 7/24 |
| Hæge Kastedalen, draumkvedetkvedar | Olav Botnen         | 7/32 |

|                                    |                  |       |
|------------------------------------|------------------|-------|
| Henrik Skipstead, a forgotten idol | Carl H Chrislock | 8/55  |
| Åsmund Nordskog                    | Tallev Moen      | 9/8   |
| Kristian Jore, ein dreyfus frå Kv  | Gunnar Ruud      | 9/13  |
| Gunnar Haugestøyl og folkebibl.    | Tore Skaug       | 9/43  |
| Ein bygdeoriginal                  | Torleiv Lid      | 10/14 |
| Torkel Oftelie                     | John Skarprud    | 10/18 |
| Kvit-Aslak                         | Torkel Oftelie   | 10/20 |

#### Folk og samfunn

|                                    |                     |      |
|------------------------------------|---------------------|------|
| Sunnhetstilstanden i Kviteseid     | Olav Eriksen        | 1/21 |
| Mindeblade                         | Henriette Florentz  | 1/24 |
| Bunadsregistrering i Kviteseid     | Gunvor Mandt        | 1/51 |
| Kviteseid i norsk målarkunst       | John Skarprud       | 2/29 |
| Bondevennforeningane i Kvites.     | Tor J. Skarprud     | 2/39 |
| Skilauparfest                      |                     | 2/47 |
| Auksjon på torget                  | Thor H. Wraa        | 2/51 |
| Den som har emne og pågangsmot     | Olav Lid            | 3/5  |
| Brev til Amerika                   | Olaf Gudmundsen     | 3/11 |
| Då sosialismen kom til Vrådal      | Tor O.Sanden        | 3/16 |
| Litt om skyttarlag i Kviteseid     | Arne Nordskog       | 3/24 |
| Dagbokblad frå Kviteseidbyen       | Aslak L. Sandåker   | 3/27 |
| Kviteseidmarken og tråvkøyning     | John Skarprud       | 4/5  |
| Strevsamt å reise i gamle dagar    | Sigm. Straumsnes    | 5/11 |
| Kviteseid i krigsåri               | Arne Nordskog       | 5/17 |
| Verda var dengongen Kviteseid      | Hans G. Kivle       | 5/25 |
| Ei samrøpe på Kviteseidialekt      | Torleiv Lid         | 5/48 |
| Drikking og fråhaldsrørsle i Vråd. | Tor O. Sanden       | 6/14 |
| Kva hende i Kviteseid i 1925       | Olav Lien           | 6/22 |
| Det var skuleveg, det              | Steinar Myrvang     | 6/24 |
| Ungdomslaget Vårvon i Brunkeberg   | Tor J. Skarprud     | 6/26 |
| Telemark Folkehøgskule vigsla      | John Skarprud       | 6/29 |
| Notat frå ein gamal huspostil      | Torjus Fjågesund    | 6/53 |
| Då Lars Omtveit reiste til Amerika | Harald Oppebøen     | 7/12 |
| Litt om "Dølehalli" i Morgedal     | Torleiv Lid         | 7/34 |
| Utvandringa frå Vrådal til Amerika | Tor O. Sanden       | 8/6  |
| Vrådal in USA - Badger Valley      | James A. Skree      | 8/10 |
| Med røtter i Kviteseid             | Harry T. Kleven     | 8/26 |
| Frå Morgedal til Seattle           | Steinar Berge       | 8/32 |
| Då kviteseidfolk drog til Amerika  | Torjus Fjågesund    | 8/35 |
| Amerikabrev I til Kviteseid        | Øyvind T. Gulliksen | 8/38 |

|                                    |                     |       |
|------------------------------------|---------------------|-------|
| Soga til Kviteseid Hornmusikk      | Frode Torp Hansen   | 9/5   |
| Ein joletrefest i 1920-åri         | Torleiv Lid         | 9/26  |
| Avdukingsfe                        | Arne Nordskog       | 9/28  |
| Då Sigrid Torsdotter baka mosebrød | Harald Oppebøen     | 9/30  |
| Amerikabrev II til Kviteseid       | Øyvind T. Gulliksen | 9/47  |
| Barndomsminne                      | Kristiane Rønningen | 10/5  |
| Daglegliv under krigen             | Randi Nordskog      | 10/24 |
| Spanande episode under krigen      | Hallvard Dalen      | 10/27 |
| Tobakknaud                         | Tallev Moen         | 10/29 |
| Jakt for 100 år sidan              | Karl Kviteseid      | 10/49 |
| Kviteseid Historielag 10 år        | Olav Ibrek          | 10/54 |

### Næringsliv

|                                    |                  |       |
|------------------------------------|------------------|-------|
| Straand skyss-st. V/Torg. Straand  | Olav Ibrek       | 1/34  |
| Kornmagasina i Kviteseid kommune   | Tor J. Skarprud  | 1/46  |
| Strømstad lense Kviteseid          | Arne Nordskog    | 2/16  |
| Båtferdslo på Nisser og Vråvatn    | Sigm. Straumsnes | 2/26  |
| Dalane sylv- og kopargruver        | Harald Oppebøen  | 2/54  |
| Tømmerfløting i Dala- og Morged.åi | " "              | 5/30  |
| Då biltrafikken tok til på Straand | Olav Ibrek       | 2/42  |
| Dei første bilane i Vråliosen      | " "              | 3/33  |
| Sundkilen Dampsag og Høvel         | Tor J. Skarprud  | 3/40  |
| Bakeridrift i Eidsto               | Sigm. Straumsnes | 3/43  |
| Om Hægefjell og Tarjeisberg        | Tor O. Sanden    | 4/20  |
| Gammal familiebedrift i Skreosen   | Trygve Naper     | 4/31  |
| Nyland Trevarefabrikk 100 år       | J. H. Nyland     | 4/40  |
| Gruvedrift i Vrådal                | Tor O. Sanden    | 5/20  |
| Brunkeberg feavlslag               | Tallev Moen      | 5/50  |
| Fjågesund Elektrisitetsverk        | Torjus Fjågesund | 5/53  |
| Då fjordane var viktigaste vegen   | John Skarprud    | 6/31  |
| Spjotsoddsundet og ferjingane der  | Tor J. Skarprud  | 6/48  |
| Vegen, litt om samferdsel          | Steinar Berge    | 7/5   |
| Store snøvintrar                   | Hallvard Dalen   | 7/46  |
| Eldre ferdsselsvegar i Kviteseid   | " "              | 9/9   |
| Brunkeberg Handelslag              | Tallev Moen      | 9/36  |
| Kviteseid Elektrisitetsverk        | Håkon Ruud       | 10/10 |

### Gardar, plassar og område:

|                                   |                     |       |
|-----------------------------------|---------------------|-------|
| Kviteseid kommune 1986            | Johannes T Skarprud | 1/59  |
| Frå eldre tider i Kjåkheimgrendi  | Tallev Moen         | 2/12  |
| Litt av Kviteseidbyens soge       | Frode Torp Hansen   | 2/37  |
| Husmannsplassen Eikedal i Dalane  | Aasmund Bjørnflaten | 3/20  |
| Lønnegraf misjonsheim             | Sigm. Straumsnes    | 4/11  |
| Brakandalen i Kviteseid           | Arne Nordskog       | 4/38  |
| Kviteseid bygdetun                | Harald Oppebøen     | 4/44  |
| Granlien                          | Tor J. Skarprud     | 4/57  |
| To husmannsplassar i Dalane       | Aasmund Bjørnflaten | 5/36  |
| Slik er Kvitesied                 | Dyre Vaa            | 6/5   |
| Plassar i Dalane, Skeidal/Lundeb. | Aasmund Bjørnflaten | 6/20  |
| Husmannsplassar i Vrådal          | Tor O. Sanden       | 6/50  |
| Attlagde plassar i Vrådal         | " "                 | 7/8   |
| Straumsnes - gard og skule        | " "                 | 10/30 |
| Fossøy, attlagd plass i Vrådal    | " "                 | 10/44 |

### Soger og segner:

|                                    |                    |      |
|------------------------------------|--------------------|------|
| Segn og soge langs Kviteseidvatn   | Harald Oppebøen    | 1/41 |
| Kald graut                         |                    | 1/55 |
| Risen i Striplefjell               |                    | 1/55 |
| Beste ven !                        | Olav Sporastøyl    | 2/23 |
| Automobiloverkjørsel               |                    | 2/25 |
| Staulsminne                        | Kristine Gjelstad  | 2/53 |
| Stor-Kjetil og Vesle-Kjetil fortel | John Skarprud      | 3/38 |
| Fæsteseddel                        | frå Jens Zetlitz   | 3/48 |
| Tone Haugan fortel om villdyr o.a. |                    | 3/53 |
| Den grå hatten til gofar           | M.B.Landstad       | 3/60 |
| Uver av uvanleg slag og styrke     | Hallvard Dalen     | 4/25 |
| Kjære søn! (gamalt brev)           | Gudmund Opsund     | 4/42 |
| Koll med bila og ætlingane hans    | Torjus Fjågesund   | 4/50 |
| Med Aasmund Vinje,samle folkeminne | Olav Lid           | 5/27 |
| Bjerguv                            | " "                | 5/30 |
| Farans folk                        | Sigrid Øyan Kosi   | 5/40 |
| Tarjei Lunde fortalde              | Halvor K. Sandland | 5/41 |
| Kjersti Nyork på utvalsja          | Jørgen Heggveit    | 5/46 |
| Baklitullen                        | Johannes Skarprud  | 6/46 |
| Segner frå Åsgrend                 | Jørgen Heggveit    | 6/47 |
| Var det tussar i gamle dagar ?     |                    | 5/56 |

|                              |               |       |
|------------------------------|---------------|-------|
| Dei kunne få sagt det        |               | 6/58  |
| Segn frå Kjåkheimgrendi      | Tallev Moen   | 7/28  |
| Korleis Morgedal vart busett | Olav Botnen   | 7/43  |
| Tri småsoger                 |               | 7/47  |
| Oskoreia                     | John Skarprud | 10/42 |
| Godt sagt                    | Tor O. Sanden | 10/52 |